

A group of young women are smiling and waving flags on a parade float. They are holding a large rainbow flag, a transgender flag, and a red and white striped flag. The float is moving under a glass and steel structure. A red emergency light is visible on the float.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

regional planstrategi

Vedtatt av
fylkestinget i Vestland
12 desember 2024

Føreord

Vestland er i ei tid med store endringar, og omstilling er naudsynt. Den viktigaste ressursen vår er menneska i fylket, og med Utviklingsplan for Vestland 2024–2028 regional planstrategi, kan alle bidra til det berekraftige, inkluderande og nyskapande samfunnet vi vil ha. I ei tid der klima, demografi og teknologi endrar seg raskt har kvar einskild av oss ei viktig rolle i arbeidet framover.

Utviklingsplanen legg til rette for å støtte næringslivet, sikre velferda og verne om naturen vår. Planen skal vere til hjelp med å fornye Vestland gjennom nyskaping og berekraftig samfunnsbygging. Det er ein utviklingsplan for heile fylket. Saman kan vi forme trygge, levande lokalsamfunn der både by og bygd vert ivaretatt. Vi skapar rom for alle til å nå potensialet sitt og bidra til ei berekraftig framtid. Vi må også i større grad trekke fram alt som allereie skjer i fylket som viktige moglegheiter, både stort og smått! Å løfte fram desse initiativa inspirerer til ny vekst og gjev oss verdifull erfaring i arbeidet framover.

Menneska i Vestland med ulike bakgrunnar, erfaringar og idear, er kjernen i denne utviklingsplanen. Vi inviterer kommunar, frivillige, næringslivet og innbyggjarar til å ta aktivt del i overgangen til nye løysingar og klimavenlege val. Utviklingsplanen er grunnlaget for eit framtidretta Vestland, rusta for dei utfordringane som ligg framfor oss.

Vi takkar alle som vil vere med på denne viktige reisa og ser fram til å skape ein sterk, livskraftig og berekraftig region i lag. Vi skal gjere Vestland betre!



A handwritten signature in blue ink that reads "Jon Askeland". The signature is fluid and cursive, written over a white background.

Jon Askeland
fylkesordførar

Innhald

Føreord	2
Kapittel 1 Innleiing	5
Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, regional planstrategi	6
Samfunnsutviklar, tenesteytar og myndigheitsutøvar	6
Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027	7
Statlege planretningsliner og føresegn	7
Nasjonale rammeverk	8
Kunnskapsgrunnlaget	8
Utfordringar for fylket og regionane	9
Kapittel 2 Eit berekraftig og nyskapande Vestland	15
Berekraftig samfunnsutvikling	16
Korleis måle berekraftig samfunnsutvikling?	19
Kapittel 3 Satsingsområde, hovudmål og strategiar	20
Satsingsområde og hovudmål	21
10 strategiar for å nå samfunns mål	26
Kapittel 4 Planbehov i perioden 2024-2028	34
Regional planlegging som berekraftsverktøy	35
Gjennomgåande plantema	35
Premiss for planutvikling 2024-2028	36
Utarbeiding av nye regionale planar	38
Revisjon av regionale planar	41
Oppheving av regionale planar	41
Rullering av regionale planar med merksemd på handlingsprogram	41
Utvikling av kunnskapsgrunnlag for nærare vurdering av planbehov	42
Pågåande arbeid med nye temaplanar og strategiar i planperioden	43
Kapittel 5 Plansystem og plantypar i Vestland	44
Utvikling av det regionale plansystemet	45
Målstruktur, rapportering og tilhøve mellom planar	45
Utviklingsplan – regional planstrategi	46
Planprogram	46
Regionale planar med handlingsprogram	46
Temaplanar	47
Strategiar	47
Rullering versus revisjon av regional plan med handlingsprogram	48
Vurderingspunkt ved planutvikling	48
Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ	49

Framdrift, organisering og medverknad.....	49
Kapittel 6 Prosess og medverknad	51
Prosess og medverknad.....	52
Vedlegg 1: Regionale planar	54
Vedlegg 2: Temaplanar og strategiar	56
Vedlegg 3: Målhierarki og målstruktur	59



Kapittel 1

Innleiing

Fylkestinget er regional planmynde og skal vedta ein regional planstrategi for kvar valperiode. I Vestland er planstrategien integrert i ein brei utviklingsplan, som set tydeleg retning for samfunnsutviklinga. Utviklingsplanen for Vestland 2024–2028 bygger på eit breitt kunnskapsgrunnlag. Han tek fatt i dei store berekraftsutfordringane som går på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Utviklingsplanen har fire hovudsatsingsområde med mål og ti strategiar for å nå måla. Behovet for meir samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon står sentralt for å nå måla.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, regional planstrategi

Fylkestinget i Vestland skal etter plan- og bygningslova § 7-1 og 2 vedta ein regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode, seinast eitt år etter konstituering. Ved sidan av økonomiplanen er dette den einaste lovpålagde planoppgåva til fylkeskommunen. I Vestland er planstrategien del av ein brei utviklingsplan, som set tydeleg retning for samfunnsutviklinga i perioden. Utviklingsplanen skal fremme heilskapleg regional utvikling og gjere planlegging meir forpliktande og målretta. Stat, regionale organ og kommunar i Vestland skal legge den regionale planstrategien til grunn for vidare planarbeid i regionen. Strategiske styringssignalar frå utviklingsplanen vert følgd opp i fylkeskommunen si økonomiplanlegging, jamfør kommunelova § 14-4.

Utviklingsplanen er ein reiskap for samfunnsutvikling i tråd med dei 17 berekraftsmåla til FN (kap. 2). Kunnskapsgrunnlaget viser kva utfordringar og område som krev særleg regional merksemd og styring i Vestland. Utviklingsplanen gjer greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk og samfunnsutfordringane, og kva langsiktige utviklingsmoglegheiter som finst. Han slår fast fire breie satsingsområde og mål for samfunnsutvikling og listar og opp ti strategiar som vert viktige for å nå måla (kap. 3). Utviklingsplanen legg også grunnlaget for å vidareutvikle det regionale plansystemet vi har i Vestland (kap. 5). Planstrategien slår fast kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging og anna fylkeskommunal planlegging i den politiske perioden (kap. 4).

Samfunnsutviklar, tenesteytar og myndigheitsutøvar

Regionreforma frå 2019, styrka det lokale sjølvstyret og gav fylkeskommunar og kommunar ei tydelegare rolle som samfunnsutviklarar. Å vere samfunnsutviklar betyr å ha eit medvite forhold til korleis små og store oppgåver i eigen sektor kan bidra til å møte dei breie berekraftsmåla for samfunnsutvikling. Utviklingsplanen skal gje tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk og mobilisere ulike aktørar i sivilsamfunnet til å bidra med verkemidla sine.

Statlege organ, fylkeskommunen og kommunane i Vestland har mange ulike roller som samfunnsutviklar. Dei gjev råd og fører tilsyn, leverer tenester til folk og næring i fylket og har heilt eller delvis ansvar for å forvalte ei rekke lover. Fylkeskommunar og kommunar er og lokale demokratiske nivå. Heilskap i rolleutøvinga er viktig for å nå utviklingsmåla for Vestland.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram sine forventningar til regional og kommunal planlegging. Saman med statlege planretningsliner, statlege planføresegn og statlege arealplanar gjev dette føringar for samfunns- og arealplanlegginga.

Dei overordna utfordringsområda regjeringa peiker på for perioden 2023–2027, fell i stor grad saman med utfordringsbiletet i Vestland. Satsingsområde, mål og strategiar i utviklingsplanen bidreg til å følgje opp både nasjonale forventningar og dei prioriterte utfordringane for Vestland. Regjeringa understrekar følgjande i føreordet: Plan- og bygningslova gjev fylkeskommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet. Regjeringa meiner det er viktig at dette handlingsrommet vert utnytta for å leggje til rette for ønskt utvikling, samtidig som planlegginga ikkje vert gjort meir omfattande enn naudsynt. Regjeringa understrekar også at særleg i område der folketalet går ned eller står stille, må det vera monaleg større vekt på dei lokale vurderingane og prioriteringane.

Regjeringa listar opp 72 forventingar til fylkeskommunane og kommunane, fordelt på fem utfordringsområde:

- samordning og samarbeid i planlegging
- trygge og inkluderande lokalsamfunn
- velferd og berekraftig verdiskaping
- klima, natur og miljø for framtida
- samfunnssikkerheit og beredskap

Det er gode føresetnadene for å nå berekraftsmåla. Det er likevel utfordrande for Vestland å nå måla om reduksjon av klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap i samfunnet.

Regional og kommunal planlegging er det viktigaste styringsverktøyet fylkeskommunane og kommunane har for å få til berekraftig samfunnsutvikling tufta på lokalt folkestyre. Den lokale planlegginga skal bidra til lokal utvikling og til å omsetje regional og nasjonal politikk til lokalt nivå. I planperioden skal Vestland styrke heilskapen i planlegginga, gjennom oppdatering av planar, styrka involvering i planprosessar og godt kunnskapsgrunnlag for planlegging. For å realisera utviklingsmoglegheitene i Vestland, er det avgjerande å styrkja det regionale samarbeidet, sikra god forvaltning av kommuneøkonomien og følgja opp måla i utviklingsplanen. Gjennom slike tiltak kan vi leggja eit solid grunnlag for langsiktig og berekraftig utvikling i regionen.

Statlege planretningsliner og føresegn

Følgande statlege planretningsliner (SPR) skal leggest til grunn for planlegging i Vestland:

- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)
- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018), under revisjon
- Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014), under revisjon
- Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (1994)

Nasjonale rammeverk

- I prosess under høyring og offentleg ettersyn av utviklingsplanen

«Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold» blei vedtatt 19. desember 2022. Avtalen set globale mål for å bevare naturen, oppnå berekraftig forvaltning og bruk, og nedkjempe årsakene til nedbygging og øydelegging av økosystem. Alle land skal legge fram nasjonale handlingsplanar for naturmangfold. Meld. St. 35 (2023–2024) «Bærekraftig bruk og bevaring av natur—Norsk handlingsplan for naturmangfold» vart lagt fram 27. september 2024. Gjennom handsaminga vil regjeringa gje signal til arbeidet med naturavtalen.

«Fremtidens digitale Norge. Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030» vart lansert 26. september 2024. Strategien set retninga for det digitale Norge fram mot 2030 og har ambisjonar om å gjere Noreg til det mest digitaliserte landet i verda. Digitaliseringsstrategien set opp farten på ei stor og viktig omstilling. Innbyggjarar vil få tilgang til enklare og meir samanhengande offentlege tenester. Næringslivet og offentlege etatar vil få sams infrastruktur for å bruke kunstig intelligens og tilgang til store mengder data som dei ikkje har i dag.

Kunnskapsgrunnlaget

Utviklingsplanen bygger på eit breitt kunnskapsgrunnlag og ei folkehelseoversikt etter folkehelselova. Dei største utfordringane i kunnskapsgrunnlaget er summert opp i ein utfordringsrapport. Fylkestinget i Vestland la opp til brei involvering i arbeidet og i val av metode. Det vart utvikla kvantitativ (talmessig) og kvalitativ (erfaringsbasert) kunnskap. Fylkeskommunen tok òg i bruk innovasjonsverktøy som strategisk framsyn og scenario, som eit supplement til meir kjente arbeidsmåtar. By- og regionsinstituttet ved Oslomet, Dietz Foresight og kunstnaren Martin Losvik bidrog til arbeidet. Dette skapte engasjerande prosessar som bygde kunnskap og kompetanse. Kunnskapsarbeidet sette retninga for det vidare arbeidet med utviklingsplanen. Bruk av nye arbeidsmåtar har bidratt til å synleggjere at samfunnsutfordringane i Vestland ikkje er sektorspesifikke. Utfordringane går på tvers av fag, sektor og forvaltingsnivå, politikkområde og offentleg og privat sektor. Dei kan berre løysast gjennom breie satsingsområde og samordna innsats, noko klima- og folkehelseutfordringane er døme på. Samarbeid på tvers av samfunnet er difor eit hovudmål i den nye utviklingsplanen.

[Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024–2028](#), summerer opp kunnskapsgrunnlaget.


Denne er basert på følgende einssilde delar:

- [Vestland fylke og regionane – samfunn og berekraft \(NIBR\)¹](#)
- [Scenario Vestland 2040](#)
- [Folkehelseoversikt for Vestland 2023–27](#)
- [Regionale planar i Vestland med kunnskapsgrunnlag](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn](#)

[Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#) ligg til grunn for arbeidet med utviklingsplanen.

Utfordringar for fylket og regionane

Kunnskapsgrunnlaget definerer seks breie utfordringsområde for Vestland (figur 1). For kvart utfordringsområde er det definert tre undertema, som er særleg viktige.




Figur 1: Utfordringsområde i kunnskapsgrunnlaget. Dei grå pilane syner at alle mål heng saman. Den mørkegrøne pila syner at samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon er viktig for å møte alle andre utfordringar.

Det siste utfordringsområdet *Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon* skil seg ut. Vestland kan skilte med mange gode døme på samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjonskraft. Utfordringa er å styrke det strategiske elementet, og gjere innsatsen meir heilskapleg, samanhangande og målretta. Det er både ei utfordring i seg sjølv og

¹ Kunnskapsgrunnlag for regional utviklingsplan: perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke.

Samstundes løysinga på å finne moglegheitene i utfordringsbildet. Det svarar til berekraftsmål 17 om samarbeid, som ein nøkkel til å nå alle dei andre berekraftsmåla. Utfordringane som er definerte i grunnlaget er langsiktige og overordna, og dei kjem truleg til å stå på agendaen i Vestland over fleire politiske periodar. Samstundes spissar utviklingsplanen politikken mot nokre prioriterte utfordringsområde for inneverande periode. Det kjem til uttrykk gjennom val av satsingsområde, mål og strategiar og vurdering av behovet for planlegging.

Folkehelseoversikta for Vestland for 2023–2027 syner korleis utfordringane i Vestland heng saman med og påverkar folkehelsa. Fire utfordringar står fram og danner grunnlag for arbeidet med utviklingsplanen:



Regional, by- og bygdeutvikling

Ujamn befolknings- og arbeidsplassutvikling

Befolkningsamansetnaden i Vestland er i endring. Vi er friskare og lever lenger, og vi får færre barn. Store etterkrigskull vert no pensjonistar. Innvandringa er i store trekk nedgåande, og ujamnt fordelt mellom kommunane. Folk kan stå lenger i arbeid, men det vert samstundes færre i yrkesaktiv alder. Det er mangel på kompetanse og arbeidskraft, særleg i distriktskommunar. Offentlege utgifter aukar raskare enn offentlege inntekter. Det er krevjande å dekke det aukande behovet for helse- og omsorgstenester, og til å skape verdier som skal betale for auka utgifter. Omsorgsoppgåver for dei eldste, dei som har nedsett funksjonsevne eller fell ut av utdanning og arbeidsliv, verkar inn på moglegheitene for pårørande. Dei må kombinere omsorgsansvar med lengre arbeidsliv, ta vare på eiga helse og vere aktiv i samfunnet.

Fylket har store variasjonar i stadattraktivitet

Unge folk buset seg i tettstader og byar, medan gjennomsnittsalderen aukar i spreidd bygde kommunar. Dette har store ringverknader for befolkning, kommunar og næringsliv. Vekst bidrar til god økonomi i urbane område, men skapar samstundes press på opplæringstilbod, bustadmarknad og infrastruktur. Det er behov for større variasjon av bustadtypar og bumiljø til ei stadig meir mangfaldig gruppe innbyggjarar. Ein del utkantkommunar opplever å verte svekka. Det går ut over livskvaliteten og kan påverke tilliten til framtida i lokalsamfunnet. Det er krevjande for kommunar å tilpasse tenestetilbodet og infrastrukturen til endra rammer, føresetnader og behov. Næringslivet manglar tilgang på kompetanse, og landbruk og reiseliv, som er viktige næringar i mange distriktskommunar, har omstillings- og utviklingsbehov.

Frivilligheita er utfordra og i endring

Frivilligheita har ei sterk og viktig rolle for kompetanseutvikling, verdiskaping, folkehelse og livskvalitet i lokalsamfunna i Vestland. No er frivilligheita i endring. Trendar for aktivitet og

deltaking er ikkje som før. Ein del frivillige organisasjonar har utfordringar med rekruttering av medlemmer og tillitsvalde. Den frivillige innsatsen er like stor som tidlegare, men fleire engasjerer seg på kortare basis og færre over tid. Dei demografiske, kulturelle og økonomiske endringane i samfunnet påverkar frivilligheita. Tilpassing av tilbod, inkludering og rekruttering av minoritetar kan vere utfordrande. Eit velferdssamfunn i endring og auka merksemd om berekraft utfordrar samarbeidet mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Klima og energi

Klimaomstillinga går for sakte

Vestland er ikkje i rute med å nå utsleppsmåla sine for 2030, hovudsakleg på grunn av høg avhengigheit av olje- og gassindustrien. Saman med transport står dette for størsteparten av utsleppa. Olje og gass legg beslag på kompetanse som er naudsynt for omstilling i andre bransjar. Klimaomstilling krev ei samfunnsendring der vi reduserer utslepp og tilpassar oss klimaendringane. Samstundes kan den naudsynte klimaomstillinga ramme skeivt og få konsekvensar for helse og livskvalitet. Omstillinga krev systemendringar og store investeringar. Sprik mellom behov og tilgang på fornybar energi svekker konkurranseevna og verdiskapinga.

Vestland vert villare og våtare – og er på etterskot i klimatilpassinga

Klimaendringar påverkar allereie naturen, kvardagen og livskvaliteten i Vestland. Det har størst negativ konsekvens for innbyggjarar som allereie er i risikosona for dårleg helse og utanforskap. Klimaendringane er trekte fram som ei av dei viktigaste utfordringane for folkehelsa i Vestland i framtida. Næringslivet etterspør robust infrastruktur for sikker framkome og stabil drift, og for å klare omstillinga. Å førebygge for naturskade er mykje rimelegare enn å måtte bygge opp att. Vedlikehaldsetterslep og manglande prioritering hemmar klimatilpassinga. Innbyggjarar, næringsliv og kommunar har ulike føresetnader for klimaarbeidet.

Energiomstilling kjem i konflikt med andre utviklingsmål

Behovet for fornybar energi skaper målkonfliktar, mellom anna mellom klima-, natur- og samfunnsomsyn. Vi er ein del av den integrerte energimarknadene i Europa, og har sett at desse er sårbare, til dømes knytt til endringar i den geopolitiske situasjonen. Samstundes har auka produksjon av vindkraft ført til konflikt mellom nasjonale mål og lokalt demokrati og naturomsyn. Vi treng betre metodiske verktøy for å sikre balansen mellom ulike omsyn og gjere energiforsyninga robust. Politiske dilemma knytt til prioriteringar mellom knappe ressursar vil prege tida framover.

Livskvalitet og like moglegheiter

Fråfall i vidaregåande opplæring og utanforskap

Det godt å bu og leve i Vestland, og dei fleste av oss lever gode liv i fylket, men innbyggjarane har ulike føresetnader for å delta i samfunns- og arbeidsliv. Utanforskap reduserer moglegheiter knytt til utdanning, arbeid, personleg økonomi og helse, men også til kulturell

tilhøyrsløse og deltaking i demokratiet. Dette kan gje negative konsekvensar for livskvaliteten. Fråfall i vidaregåande opplæring aukar risikoen for å hamne utanfor arbeidslivet, fare for vedvarande låginntekt og gje større levekårsutfordringar på sikt. Del personar i utanforskap har dei siste åra vore om lag 14 prosent, litt under landsbasis og litt større for innvandrargruppene.

Sosial ulikskap i helse, inntekt og bustad

Sosial ulikskap i helse er ei stor folkehelseutfordring. Grupper med lang utdanning har jamt over betre helse enn grupper med kortare utdanning. Tilhøve som migrasjonsbakgrunn, familiesituasjon, kva slags jobb ein har, korleis og i kva område ein bur kan også forklare forskjellane. Det er skilnader i psykisk helse og livskvalitet mellom utdanningslengde, alder og kjønn. Plager og lidningar i barne- og ungdomsåra kan vere kritiske. Nedsett funksjonsevne gjer mindre moglegheit for høgare utdanning og svakare tilknytning til arbeidsmarknaden. Gode butilhøve for barn og unge i oppveksten har stor betydning seinare i livet og reduserer helsebelastningane.

Sosiale skilnader i samfunnsdeltaking

Innbyggjarane våre vert ei stadig meir mangfaldig gruppe, med ulike livsstilar, etnisk og kulturell tilhøyrsløse og identitet. Deltaking i samfunnet og det å ha sosialt nettverk er viktig for psykisk helse og livskvalitet. Vi har også sosiale skilnader knytt til å delta i demokratiet, i arbeidslivet, i aktivitetar på fritida, i sivilorganisasjonar og i avgjerdsprosessar. Digital utvikling skjer i eit raskt tempo, og eldre, innvandrargruppene, personar med låg utdanning, dei som bur i distriktskommunar og dei som står utanfor arbeidsstyrken fell oftast utanfor. Skilnadane i mobilitetstilbod mellom bygd og by kan redusere deltakinga for nokre grupper.

Naturmangfald og areal

Natur og areal er knappe ressursar

Kunnskapsgrunnlaget viser at areal og natur er avgrensa godar, og at dei to heng tett saman. Naturen i Vestland er under aukande press, først og fremst grunna endringar i arealbruk, miljøpåverknad og klimaendringar. Det har vore liten totaloversikt over det totale omfanget av bit-for-bit-nedbygging og arealendringar, og kva konsekvensar det har for natur. Velfungerande natursystem kan bidra mykje til menneska og samfunnet. I Vestland utnyttar vi naturen på ein måte som vil gå ut over moglegheitene til framtidige generasjonar. Naturavtalen til FN, den nye Montrealavtalen frå 2023, synleggjer at natur og klima heng tett saman og i større grad må sjåast i samanheng på tvers av sektorar.

Naturmangfald vert definert i naturmangfaldslova som all natur med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar.

Kunnskap om naturtilstand og areal

For sårbare artar i Vestland, som til dømes den europeiske villreinstamma, er situasjonen kritisk. Menneskeleg aktivitet verkar inn på grunnlaget for balanse i økosystema. Tilstanden i vassdraga er eit døme på dette. Dårleg miljøtilstand kan gje store ringverknader som vi i liten grad har oversikt over. Det skjer mykje kunnskapsutvikling rundt naturtilstand og areal. Alle kommunar i Vestland har arealoversikt frå 2024. Enno manglar vi data om tilstanden på naturtypar, spesielt om samla belastning på økosystema. Dette gjeld og særleg marine forhold. Vi treng meir kompetanse og betre verktøy for å vurdere sårbarheit og naturrisiko.

Komplekse og fleire arealkonfliktar

Arealkonfliktane aukar på og vert stadig meir komplekse. Vi har døme på at lokale økosystem står i motstrid med nasjonale behov. Mange utfordringar og dilemma går på tvers av kommunegrensene. Det er størst utfordringar knytt til arealkrevjande og intensiv naturutnytting utanfor byggesona, som akvakultur, energianlegg, datasentre, industri, hytteutbygging, småbåthamner og ulike typar større, fysisk infrastruktur. Dette syner behovet for felles regionale styringssignal på arealområdet og betre arealhushald med langsiktige grenser for byggesona. Viktige tema for Vestland dei neste åra er korleis vi sikrar leveområda til sårbare artar, tek vare på matjorda og moglegheitene for å hauste frå land og hav, forvaltar og utviklar kulturlandskap og kulturmiljø og sikrar gode tilstandar i jord, vatn og luft i eit langsiktig perspektiv.

Verdiskaping og kompetanse

Gi fart på omstillinga som skal gjere Vestland mindre oljeavhengig

Vestland har eit variert og lønsamt næringsliv og er det største eksportfylket i landet. Behovet for berekraftig omstilling er utfordrande for alle sektorar og næringar. Både store og små næringar på land og i sjø må tilpasse seg internasjonale krav til utsleppskutt, klimatilpassing, effektiv bruk av naturressursar og karbonnøytralitet. Ei anna utfordring er at arbeidsplassvekst innan olje- og gassektoren gjev mangel på kompetanse innan grøn næringsutvikling, og medverkar til at vi heng etter i omstillinga. Samstundes er vi sårbare for geopolitiske svingingar og raske endringar i verdsmarknaden. Vestland treng å styrke fastlandsnæringane, sikre større variasjon i næringsstrukturen og auke innovasjonstakt og entreprenørskap.

Vekslande arbeidsplassutvikling og mangel på kompetanse

Tilbod og etterspurnad av kompetanse og arbeidskraft endrar seg i takt med behovet for omstilling, den geopolitiske situasjonen og demografiske endringar. Det er stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i mange delar av fylket, både i offentleg og privat sektor. Arbeidsliv og -marknad i fylket er sterkt kjønnsdelt. Det bidreg til å hemme arbeidskrafttilgang til samfunnsviktige yrke og oppgåver, særleg i dei mindre sentrale regionane. At vi vert færre i arbeidsfør alder og fleire eldre gjer at det i framtida er endå større behov for arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren. Det trengst samstundes løysingar for å inkludere dei som i dag står utanfor utdanning og arbeidsliv.

Det er ei utfordring å sikre god samanheng mellom utdanningssystemet og kompetansegapet i arbeidslivet. Særleg for distrikta er det viktig med eit desentralisert og fleksibelt utdanningstilbod.

Infrastrukturen er ikkje i tråd med behova

Infrastrukturen i Vestland er sårbar. Det er eit stort behov for fornying og vedlikehald av fysiske strukturar for mobilitet, kraft, breiband og digitalisering i mange delar av fylket. Men òg den mjuke infrastrukturen som bidreg til funksjon og velferd i samfunnet er under press. Tenester og institusjonar og opplærings-, kultur- og fritidstilbod er i utakt med behova til samfunnet og næringane i Vestland, og med kommuneøkonomien. Infrastruktur knytt til næringsutvikling og forskning må stadig vidareutviklast. Det gjev utfordringar for å skape trygge lokalsamfunn, med næringsutvikling og god samfunnssikkerheit og beredskap.

Samarbeid, innovasjon og kunnskapsutvikling

Behov for tettare samarbeid og samordning

Berekraftsutfordringane er samansette og krev samarbeid og innsats frå fleire hald. Alle samfunnsaktørar har behov for betre kompetanse og verkemiddel å bidra. Ei hovudutfordring er svak samordning mellom tradisjonelle sektorar og politikkområde i det offentlege. Vestland har mange sektorretta samarbeidsnettverk, men treng å styrke det breie berekraftsperspektivet i samarbeid. Det er behov for fleire ulike plattformer der alle partar kan møtast, dele innsikt og utvikle felles prosjekt. Kortsiktige og spissa samarbeid er ikkje nok for å løyse dei store utfordringane. Vestland treng strukturar for samarbeid der aktørane må forplikte seg formelt og langsiktig. Fylkeskommunen og kommunane treng styrka innsats for å fylle rolla som tilretteleggjar og partner på ein meir heilskapleg og systematisk måte.

Satsing på forskning og innovasjon

Vestland treng brei endrings- og omstillingskompetanse i alle sektorar og forvaltningsnivå. Innovasjon oppstår ofte i skjæringspunktet mellom ulike kunnskapstypar, fagkulturar og aktørar. Vestland treng å styrke system og kultur for innovasjon. Vi må arbeide meir forskingsbasert. Det er behov for tverrfagleg og praktisk forskning og styrka samarbeid mellom forskning, næringslivet og offentleg sektor. Kunnskapsutvikling gjennom internasjonalt samarbeid må få ei større rolle. Det trengs betre finansieringsordningar og merksemd på godt læringsmiljø. Vestland har sterke innovasjonsmiljø som er motor for kunnskapsoverføring, innovasjonssamarbeid, fellesinvesteringar og felles identitet, men det er ei utfordring å sikre langsiktig innsats og kraft.

Effektiv planlegging gjev berekraftsløysingar

Planlegging er ressurskrevjande og må verte meir effektiv og handlingsorientert. Plan må styrkast som grunnlag for strategiske partnerskap og medverknad frå samfunnet. Det er behov for utvikling og deling av oppdaterte data og gode metodiske verktøy. Vi treng meir kunnskap for å møte utfordringsbildet. Det er og bruk for nye metodar for risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing knytt til planlegging. Kommunane må styrke det strategiske elementet i planlegginga. Dette tyder i større grad å peike ut ønska utviklingsretning og i mindre grad å framskrive. Dessutan må ein utvikle indikatorar for å måle framgang i arbeidet med berekraftsløysingar.



Foto: Morten Wanvik Vestland fylkeskommune


Kapittel 2

Eit berekraftig og nyskapande Vestland

Dei 17 berekraftsmåla til FN ligg til grunn for utviklingsplanen for Vestland. Berekraft handlar om korleis tiltak her og no påverkar komande generasjonar sine moglegheiter. Vi må vurdere dei langsiktige moglegheitene og konsekvensane knytt til korleis vi driv samfunnsutvikling. Fylkeskommunar og kommunar kan drive berekraftsarbeid gjennom alle rollene sine: som planstyresmakt, tenesteleverandør og demokratiaktør. Planlegging er hovudverktøyet, men heile verkemiddelapparatet må setjast i sving for å få resultat. Det gjeld styring, økonomi, mobilisering av individuell og kollektiv handling, forskning, teknologi og innovasjonsevne.

Berekraftig samfunnsutvikling

Berekraftsarbeid er ikkje noko som kjem i tillegg til andre oppdrag og oppgåver. Det handlar snarare om å utvikle måten vi arbeidar på, slik at innsatsen bidreg til å dra utviklinga i ønska retning. Kva og ein må vere pådrivar for endring og jobbe for å nå berekraftsmåla gjennom dei oppgåvene vi allereie har. FNs 17 mål for berekraftig utvikling set ei retning for den globale utviklinga innanfor sentrale samfunnsområde. Vestland nyttar Stockholm Resilience centre sin berekraftsmodell (figur 2). Den framstiller samanhengen mellom berekraftsdimensjonane og tilhøyrande berekraftsmål som ei «bryllupskake» med tre nivå. Dimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft er ulike sider ved berekraftstenkinga, som overlappar på fleire område og heng tett saman.



Figur 2: [Berekraftsmodellen til Stockholm resilience centre](#) er utgangspunktet for modellen nytta av Vestland fylkeskommune i arbeidet.

Den **miljømessige dimensjonen** legg grunnlaget for både den sosiale og økonomiske dimensjonen. Den representerer den levande og ikkje-levande naturen, landskap, klima, naturressursgrunnlaget og alle økosystema. Måla er knytt til berekraftig forvaltning av naturen sine bidrag til menneske (også kalla økosystemtenester). Dette handlar om å sikre liv på land og vatn, stoppe og tilpasse oss klimaendringane og sikre matjord, geologiske ressursar, plantar og dyr, reint vatn og luft i kretsløp og til menneske.

Den **sosiale dimensjonen** handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv der menneskelege behov og velferd står i sentrum. Den synleggjer menneskeleg utvikling som ein naudsynt ressurs for samfunnsutvikling. Måla

handlar om sosial rettferd, retten til sikkerheit og tryggleik, grunnleggande tenester og menneskerettar, utdanning, deltaking og fungerande lokaldemokrati, folkehelse og livskvalitet og lokalsamfunnet si viktige rolle.

Den økonomiske dimensjonen skal sikre robust økonomi utan øydelegging av natur og miljø. Måla handlar om eit rettferdig velferdsnivå for alle og sikkerheit for menneske og samfunn. Forvaltning og omsetting av naturressursar og godar skal skje innanfor planeten si tolegrense. Måla handlar om stabil og god privat og offentleg økonomi, utjamning av økonomisk ulikskap, arbeidsplassar, konkurransekraft og verdiskaping og ansvarleg forbruk og produksjon.

Samarbeid for å nå måla er ein akse gjennom alle måla, til liks med prinsippet "**ingen skal stå attende**". Det betyr at samarbeid er viktig for å nå alle mål, og at dei gruppene i samfunnet som treng det mest, skal stå først i køen når prioriteringar vert gjort.

Samanhengstenking til grunn for utviklingsplanen

Samanhengstenkinga i berekraftsmåla ligg til grunn for utviklingsplanen. Utviklingsplanen legg opp til styrka kunnskap om samanhengane mellom samfunnsutfordringar som til dømes klimarettferd og auka digitalisering i kommunale tenester. Breie samfunnsutfordringar heng tett saman og påverkar kvarandre, på same måte som berekraftsmåla gjer det. Mange av måla har gjensidig god påverknad på kvarandre, slik som utdanning og livskvalitet. Samstundes hender det at spissa innsats mot eit eller få mål utilsikta kjem i vegen for å nå andre mål. Slike positive eller negative samspeleffektar kan gjere seg gjeldande mellom ulike samfunnsutfordringar eller sektorar, og spele seg ut i ulike geografiske målestokkar.

Å nå måla på eitt område skal ha minst mogleg negativ konsekvens for eit anna. Helst skal innsats gje brei måloppnåing for fleire utfordringar. Utfordringsrapporten viser korleis utfordringane til Vestland er samsette, og at det krevst merksemd på samarbeid for å få fram kunnskap om samanhengane i utfordringsbiletet og løysingane (kap. 1), eit samarbeid mellom fagfelt, sektor og politikkområde. Kommunane i Vestland har på same vis som fylkeskommunen mange moglegheiter for å jobbe for ei berekraftig samfunnsutvikling. Mange av berekraftsmåla knyter seg til offentlege oppgåver på lokalt nivå, slik som reint vatn, arealbruk, opplæring og lokaldemokrati. Kommunar kjenner kor skoen trykker i lokalsamfunna og har eit spekter av verkemiddel. Dei har og ei viktig rolle i å støtte innbyggjarane og lokalt næringsliv i å gjere berekraftige val, gjennom å legge til rette, dele kunnskap og mobilisere til innsats. I framtida må kommunar og fylkeskommunen rette merksemd på samhandling som sikrar gode løysingar. Vi skal prioritere arbeidsmåtar som gjer verknader både lokalt, regionalt og nasjonalt.

FN peiker på ulike typar verkemiddel som alle må takast i bruk for heilskapleg berekraftsarbeid:

- Tydelege *styringssignal* til samfunnsutviklinga. Planlegging er det viktigaste verktøyet for dette.
- *Økonomiske verkemiddel* som innkjøp, drift, tilskot og andre insentiv
- *Mobilisering* til individuell og kollektiv handling. Mange aktørar sitter på verkemiddel som er viktige for måla.
- *Forskning og teknologi* vil bidra til å finne svar på dagens utfordringar og styrke endringskapasiteten. Offentleg sektor kan vere pådrivar for innovasjon, kunnskapsutvikling og kompetansedeling. Satsing på forskning og innovasjon i heile samfunnet er viktig.

I Vestland skal planlegging gje tydelege styringssignal og bidra til at vi tenker heilskapleg. Planlegging er difor eit av dei viktigaste verktøya for berekraftsarbeidet. Regionale planar er eit verktøy for å sjå naudsynte samanhengar på tvers av kommunegrenser (kap. 4). Planlegging synleggjer og vektar ulike interesser og omsyn i ein open og inkluderande prosess. Planprosessane skal etter plan og bygningslova bidra til ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling som jamnar ut sosiale skilje, bygger ned barrierar for deltaking og skaper rom for gode og tilgjengelege tenester. Ved å innlemme arbeidet med berekraftsmåla i samfunns-, areal- og økonomiplanlegginga, vert arbeidet kopla til dei viktigaste politiske avgjerdsprosessane. Slik sikrar ein meir effektiv gjennomføring av arbeidet.

Kommunen skal involvere heile samfunnet i kommuneplanprosessane. Det bidreg til å skape ei felles forståing av utfordringane og behovet for å dra i same retning. Det skaper brei forankring og kan utløyse mange ulike aktørar sine verkemiddel. Kulturelle arenaer og kreative prosesser kan hjelpe oss å tenke nytt i medverknaden, og stimulere til berekraftige val. I arbeidet med utviklingsplanen og kunnskapsgrunnlaget har det vore merksemd på kunnskapsutvikling og brei medverknad frå både sivilsamfunn, administrasjon og politikk (kap. 6). Dette vil og vere viktig i arbeidet med regionale planar. Gjennom planperioden vil utviklingsplanen bidra til å utvikle felles forståing for samanhengar, utfordringar og moglegheiter.

Korleis måle berekraftig samfunnsutvikling?

Plan- og bygningslova stiller krav om at alle planar skal skildre verknaden av planen. I særlege tilfelle skal det gjerast konsekvensutgreiing for miljø og samfunn etter forskrift for konsekvensutgreiing. Dette kan eit stykke på veg bidra til å gjere ei vurdering av berekraft i regional og kommunal planlegging. Samstundes er det naudsynt å utvikle nye verktøy for å kunne vurdere breiare og meir heilskapleg. Mange kommunar i Vestland er godt i gang med dette.

Vestland fylkeskommune arbeider med å samle og utvikle metodar verktøy for å skildre verknader av planane i Vestland og av eiga drift. Fylkeskommunen har starta eit arbeid med å undersøke grunnlaget for eit samarbeidsprosjekt om vurdering av berekraftig samfunnsutvikling. Målsettinga for arbeidet er å undersøke behov for måling både internt i organisasjonen og elles i fylket. Fylkeskommunen og kommunane kan samarbeide om å utvikle heilskaplege verktøy for måling av samfunnsutviklinga, og i kva grad den går i rett retning. Arbeidet kan bidra til å samordne innsatsen og gje betre oversikt over samla eksisterande innsats, resultat og effekt. Dette vil vere viktig for gjennomføring av utviklingsplanen og nye regionale planar (kap. 4).



Bilde 1: FN sine berekraftsmål hos ViteMeir i Kaupanger.
Foto: Siw Heidi Backstrom/Vestland fylkeskommune



Foto: Espen Bratlie / Samfoto / NTB

Kapittel 3

Satsingsområde, hovudmål og strategiar

Utviklingsplanen slår fast fire breie satsingsområde for samfunnsutviklinga i perioden 2024–2028: Velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid. Kvar satsingsområde har eit mål. Dei fire måla er gjensidig avhengige av kvarandre. I tillegg er det formulert ti strategiar som skal bidra til at Vestland når måla. Alle strategiane kan bidra til å nå to eller fleire hovudmål. I perioden skal Vestland utvikle metodar og reiskap for å vurdere måloppnåing.

Satsingsområde og hovudmål



Figur 3: Illustrasjon av satsingsområda og måla

Velferd og verdiskaping

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn

Eit berekraftig velferdssamfunn med livskraftige distrikt krev verdiskaping i alle delar av Vestland. For å oppnå dette trengst gode rammevilkår som fremjar eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv. Vi skal støtte utvikling i heile breidda av næringslivet, og styrke omstilling, nyskaping og entreprenørskap. Gjennom planlegging og innsikt i regionale og lokale føresetnader kan fylkeskommunen og kommunane fremje berekraftig næringsutvikling og velferd.

Vi skal vidareutvikle dei eksisterande næringane i ei meir berekraftig retning og nytte kompetansen, infrastrukturen og teknologien til å skape arbeidsplassar i nye grønne verdikjeder i heile fylket. Samarbeidet med forskingsinstitusjonane skal styrkast. Styrka kompetanse og bruk av digitalisering og kunstig intelligens opnar nye moglegheiter. Vi skal utvikle Vestland til eit verdsleiande innovasjons- og vekstområde for eit berekraftig hav, på ein måte som gjer vekst og skaparkraft også i andre miljø og næringar. Vestland skal og utforske og styrke eksportnæringar som reiseliv, helseindustri og kreative næringar. Omstilling kan gje lokale næringar ei endå viktigare rolle som samfunnsbygger og verdiskapar.

Natur- og klimakrisa skaper usikkerheit og utfordringar for næringslivet. Næringslivet i Vestland skal følgje opp forpliktingar for natur og miljø på ein måte som skaper moglegheiter for berekraftig verdiskaping no og i framtida. Vi skal sikre viktige naturressursar for framtida. Næringane skal vinne på å bruke sirkulære modellar og berekraftsmålet om ansvarleg forbruk og produksjon. Offentleg sektor og næringsliv skal arbeide aktivt med naturrisiko.

Eit godt regionalt og lokalt samarbeid om kompetanseutvikling er viktig for å møte utfordringa med mangel på kvalifisert arbeidskraft. Dette skal styrke mangfaldet i næringslivet og bidra til å inkludere dei som kan komme til å falle utanfor arbeid, utdanning eller tiltak. Vi skal jobbe for eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv. Ungdom sine utdannings- og yrkesval har mykje å seie for eit meir likestilt og mangfaldig arbeidsliv i framtida og for vilja til å satse lokalt.

Samordna planlegging er viktig for å utnytte investeringar i infrastruktur effektivt. Fornyng og utbetring av infrastruktur, som og omfattar også regional koordinering av farleier, hamner og kaiar, skal verte betre samordna med arealplanlegginga, som legg til rette for bustader, næringsareal, tenester og andre tilbod.

Klima og natur

I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga

Fylket er kjent for unike natur- og kulturmiljø med spor etter menneskelege aktivitetar i lange tider. Vestland skal finne økonomiske utviklingsmoglegheiter i langsiktig og balansert forvaltning av naturressursane på regionalt og lokalt nivå. Vi skal gjere det enklare å ta omsyn til klima og naturmangfald. Heilskapleg arealbruksstyring er ein nøkkel for å nå målet. Planlegging på land og i sjø skal sjåast i samanheng, og ta omsyn til at strandsona er under stort press i mange kommunar. Fylkeskommunen vil bidra til regionalt overblikk når det gjeld drivarane for dei store arealendringane, i og utanfor den eksisterande byggesona. Det gjeld særleg store areal til fornybar kraft, arealkrevjande næring og infrastruktur, til bustad- og fritidshus og -anlegg, på land og i sjø.

Klima og naturutfordringane i Vestland forsterkar kvarandre. Vestland skal utvikle og dele oppdaterte data og nye verktøy for å ha løypande oversikt, sjå samhengane mellom ulike fag og for å vurdere risiko og sårbarheit. Det skal gje betre grunnlag for regional og kommunal planlegging og for verksemdstyring og risikovurdering i næringslivet og knytt til samfunnssikkerheit og beredskap. Klimaspørsmåla handlar om utsleppsreduksjon for å bremse klimaendringar og tilpassing til endra klima. Mange kommunar arbeider allereie med å styrke innsatsen. Fylkeskommunen vil bidra til å gjere arbeidet effektivt, heilskapleg og samordna.

I perioden skal vi styrke data, kompetanse, verktøy og bruken av det naturen bidreg med til menneska, tidlegare kalla økosystemtenester, i alle sektorar og fag. Dette er dei fordelane menneske får frå naturen og økosystema:

Forsyningstenester er direkte materielle ressursar naturen gjev oss, som vi kan hauste og bruke. Døme er mat, vatn, byggemateriale og energi.

Reguleringstenester handlar om evna naturen har til å regulere miljøforhold, noko som er viktig for helse og velvære for menneske. Døme er reinsking av luft og vatn, klimaregulering og flaum -og erosjonskontroll.

Kulturelle tenester omfattar ikkje-materielle verdiar naturen gjev oss, som gjer liva våre rikare på ulike måtar. Dei er ei kjelde til inspirasjon og identitet, kulturelle og historiske verdiar, og gjev moglegheiter for friluftsliv, rekreasjon og turisme.

Støttetenester legg grunnlaget for dei andre tre kategoriane, og er naudsynte for at naturen kan oppretthalde prosessane sine. Døme på dette er fotosyntese, næringsssyklusar som karbon- og nitrogenkretsløpet og danning av jordsmonn.

Demografi og likeverd

Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket

Lokalsamfunna våre skal vere trygge, gode og rettferdige rammer for oss som bur i Vestland og fremje deltaking på kvar einiskild sine premisser. At den sosiale ulikskapen i fylket aukar, har konsekvensar for einiskilde individ og for samfunnet. Sosial ulikskap er konstruert og kan utjamnast gjennom politikk og lokale tiltak.

Ulike samfunnsaktørar kan bidra til sosial utjamning gjennom auka innsats for folkehelse, mangfald, inkludering, sosial ulikskap og til brei samfunnsdeltaking for alle. Opplæringstilbod, inkluderande arbeidsliv, fleire folk i arbeid og at folk står lenger i jobb, skaper felles samfunnsverdiar. Kunst, kultur og frivilligheit er viktige delar av gode samfunnsløysingar, og viktig for utvikling av levande byar og lokalsamfunn.



Bilde 2: Fiskelukke. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Frivilligheita gjev gode bidrag til trygge sosiale miljø, og til at alle kan leve aktive liv, skape, meistre og lære. Ho er særleg viktig for grupper med svak tilknytning til utdanning og arbeidsliv. Arkitektur, design og kunst er gode verktøy for samfunnsutvikling, og kan bidra til attraktive og funksjonelle fysiske omgjevnader, og trygge og inkluderande lokalmiljø.

Kommunane er sentrale for den lokale samfunnsutviklinga. Dei står nær lokalsamfunna og leverer grunnleggande tenester. Kommunal planlegging gir oversikt over utfordringane, og gjer det mogleg å vurdere ulike interesser i eit heilskapleg perspektiv. Gode prioriteringar er å setje barn og unge først, samstundes som ein handterer demografiske endringar, til dømes ved å gjere kommunen aldersvennleg. Kommunen bør også arbeide systematisk med mangfald og inkludering knytt til kjønn, seksualitet, etnisitet, kultur, livssyn og funksjonsevne. Styrka samarbeid med offentlege og private aktørar, inkludert sosialt å styrke entreprenørskap, er viktig for framtida. Kommunane må inkludere alle innbyggjarar, frivillige og næringsliv, og sikre openheit, tryggleik og tillit i ei tid med endringar.

Fylkeskommunen vil bidra gjennom å samordne areal, mobilitets- og bustadplanlegging og fastlegge senterstruktur. Satsinga på regionsenter skal bidra til å sikre alle innbyggjarar tilgang til arbeid, eit mangfald av gode tenester og handel innan rimeleg avstand frå der dei bur. Det vert stadig viktigare å investere i ein effektiv og sikker, «hard» og «mjuk» infrastruktur i heile Vestland. Satsingsområdet er særleg viktig for kommunar som opplever å verte svekka på grunn av si lokalisering, og som ønsker å trekke til seg meir busetnad, besøkande og næring.

Samarbeid

Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning

Samordning og samarbeid inngår i alle strategiar i utviklingsplanen. Vi skal vidareutvikle det gode samarbeidet som allereie finst i regionen og gjere det meir strategisk. Strategisk samarbeid har eit langsiktig perspektiv og er tydeleg strukturert rundt felles mål.

Utviklingsplanen skal gjere samarbeidet i Vestland heilskapleg, systematisk og målretta.

For å få varige resultat og bygge robuste alliansar, må vi styrke langsiktig eigarskap og forankring, og etablere system for samarbeid utover einskilte prosjekt eller avtaler. Det er viktig å legge til rette for at samarbeidsprosjekt kan integrerast i systema og budsjetta til dei som deltek. Samskaping kan brukast for å utvide samarbeidet og metodane. Samskaping er ein metode der ulike aktørar saman utviklar løysingar, produkt eller tenester. Dette kan inkludere innbyggjarar, næringsliv, offentlege institusjonar, frivillige organisasjonar og andre.

Felles satsingsområde, mål og strategiar gjev retning til samarbeidet og bidreg til heilskap og samanheng. Konkrete mål gjev betre resultat enn vage ambisjonar. Måla i utviklingsplanen er SMART: spesifikke, målbare, akseptable, relevante og tidsavgrensa. SMARTE mål gjer det lettare å vurdere resultatet på ein systematisk måte og bygge erfaringar med kva samarbeid som verkar. Det er viktig med system for langsiktig, kontinuerleg og regelmessig oppfølging av samarbeid.

Samarbeid skal bygge tillit gjennom involvering, openheit og føreseielegheit. Vi får meir ut av ressursane med klare roller og ansvar, slik at alle veit kva dei skal gjere utan overlapping. Opne kommunikasjonskanalar reduserer risikoen for misforståingar. Erfaringane frå klynger og hubar i Vestland kan brukast til å skape nye arenaer for strategisk samarbeid. Vi skal styrke forskningssamarbeidet mellom høgskular, universitet, næringsliv og offentleg sektor. Internasjonale perspektiv og samarbeid skal skape meirverdi.

Kapittel 4 listar opp nokre gjennomgåande plantema som er viktige samordning- og samarbeidsområde for alle sektorar og plannivå. Offentleg sektor kan styrke kompetansen på samarbeid og legge til rette for arenaer og nettverk, i tillegg til å vere partner. Innbyggjarane skal ha moglegheit til å delta i samfunnsutviklinga. Tilrettelegging for samfunnsdebatt, ein mangfaldig ytringskultur og ein politisk debattarena styrker demokratiet og samfunnsbygginga. Behovet for samordning vert òg følgt opp gjennom regional planlegging.

10 strategiar for å nå samfunnsmål

Måla i utviklingsplanen peiker mot framtida vi ønsker oss. Dei er overordna og langsiktige. Strategiane bidreg til å omsette måla til meir spissa politikk og handling. Dei legg grunnlaget for planlegging, tiltak og prioriteringar av ressursar. Kvar strategi kan bidra til å nå minst to mål, og ofte fleire (figur 4). Strategiske samordning og samarbeid på tvers av sektorar og fagområde vil bidra til styrka måloppnåing.



Figur 4: Illustrasjon av samanhengane mellom dei fire måla og ti strategiane. Måla seier kva vi vil oppnå, mens strategiane syner korleis vi vil arbeide for å nå måla.

Strategi 1

Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskingsmiljø, næringsliv og samfunn.

Vestland skal møte utfordringar gjennom kunnskapsdeling og samarbeid. Fylkeskommunen og kommunane kan ta ei viktig rolle i å samordne og mobilisere samfunnsaktørar, næringsliv og forskingsmiljø. Saman skal vi finne nye løysingar på utfordringane, og utvikle kompetansen på korleis samarbeid kan gje best resultat. Kultur og frivilligheit kan inspirere fleire til å delta, ved å skape andre type arenaer for å vere med i samfunnsdebatt, samskaping og lokaldemokrati.

Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv er avgjerande for å finne kompetansegapa, og såleis sikre privat og offentleg sektor sine behov for rett kompetanse og arbeidskraft. Vi skal styrke forskinga, for å utvikle innovasjon og kompetansearbeidsplassar i heile fylket. Samarbeid mellom offentleg sektor, næringsliv og forskingsmiljøa vil gjere offentleg sektor i betre stand til å handtere endra rammer og føresetnader og nye oppgåver. Det kan samstundes bidra til lokal verdiskaping gjennom entreprenørskap og nye forretningsmodellar. Teknologi er den underliggjande krafta i mykje innovasjon og entreprenørskap. Det er derfor viktig for Vestland å ha gode innovasjonsmiljø på tvers av teknologiområde og bruksområde.

Dugnad og frivillige er viktige krefter i samfunnsutviklinga. Det er eit mål å betre samarbeidet mellom kommunar og frivillig sektor. Det betyr å legge betre til rette for at fleire kan nytte tilboda frivilligheita tilbyr, og å gjere det attraktivt for fleire ulike grupper å delta som frivillig. Begge delar kan spele i viktig rolle for både helse og samfunn.

Vi skal gjere Vestland synleg i Europa som ein attraktiv partner. Vestland skal samarbeide med europeiske aktørar gjennom EU-program og delta i samarbeidsalliansar og medlemsorganisasjonar for å nå felles mål og påverke EU sin politikk og regelverk.

Strategi 2

Vestland skal utvikle framtidretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar.

Fylkeskommune og kommunar i Vestland spelar ei nøkkelrolle for å sikre framtidretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod. Det gjer dei gjennom kommuneplanlegging og beredskapsplanlegging, og ved å styrke innovasjonskrafta i oppgåveområda og arbeidsmåtene sine. Framover skal vi utvikle og ta i bruk løysingar som balanserer miljømessig, sosial og økonomisk berekraft på best mogleg måte.

Kommunar i alle delar av fylket skal styrke omstillingskapasitetet for å møte endra rammer, føresetnader og behov i tilpassing av tenestetilbodet. Urbane og landlege kommunar har ulike utfordringar og moglegheiter. Vi skal samarbeide i innovasjonsarbeidet. Det inneber å utvikle nye metodar og verktøy for å ha oversikt over utviklingstrekk, betre tilgangen til ny

kunnskap og forskning, styrke kompetansen, stimulere til at det er mogleg og lønsamt å prøve ut nye løysingar. Samarbeid mellom kommunar kan spela ei større rolle.

Vestland skal utnytte moglegheiter i kunstig intelligens (KI) og datadreven innovasjon. I planperioden skal vi styrke grunnlaget for digitalisering og auke innsatsen på prioriterte område, i tråd men Fremtidens digitale Norge. Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030. Det er viktig å ta utgangspunkt i brukarbehova. Bruken av digitale infrastruktur og system auker og det vert stadig større verdiar knytt til bruken. Digital sikkerheit skal vere eit tema som står på agendaen til heile samfunnet. Utvikling av breiband og anna infrastruktur for kommunikasjon er svært viktig for Vestland.

Fylkeskommunen skal gjennom planlegging, forvaltning og tenester arbeide for meir effektiv, trygg og samordna regional mobilitet i by og bygd. Gode hamner og hamneinfrastruktur, effektive og trygge veier, er viktig for næringslivet i fylket. Regionale logistikknutepunkt knytt til land og sjø skal vera med. Vi skal involvere innbyggjarar, næring og kommunar i endringsarbeidet. Beredskap knytt til auka elektrifisering både på land og sjø skal ha fokus.

Strategi 3

Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

Vestland har store konkurransefordelar med høgt utdanningsnivå, eit velutvikla arbeidsliv, relevante forskingsmiljø og eit næringsliv som konkurrerer i ein global marknad. Vestland skal legge til rette for brei, grøn omstilling som bidrar til fornying og entreprenørskap innan næringsliv og offentleg sektor. Vi skal arbeide med energieffektivisering og betra tilgang til fornybar kraft. Vi skal styrke samarbeid om å utvikle verdikjeder og nye forretningsmodellar innan sirkulærøkonomi og berekraftig utnytting av ressursar.

Fylkeskommunen vil ta eit heilskapleg ansvar for kompetansepolitikken og utvikling av kompetanseplanar som bidreg til at regionen får tilgang på den kompetansen som arbeidsmarknaden etterspør. Vestland skal ha eit godt, mangfaldig og inkluderande arbeidsliv med høg sysselsetting i heile fylket. Vi skal arbeide målretta for at alle skal kunne få tilgang til utdanning og tiltak og ta del i arbeidslivet ut frå eigne forutsetningar.

Regional infrastruktur for mobilitet og logistikk, breiband og mobilnett med høg kapasitet og fornybar kraft, skal vere samordna med arealbruk. Det skal setjast av areal til berekraftig næringsutvikling på land og i sjø. Negative konsekvensar for klima, natur og samfunn skal vurderast og takast omsyn til.

Vestland skal legge til rette for at natur- og kulturbasert næringsliv kan bidra til styrka attraksjonskraft, innovasjon og utvikling i lokale næringar, særleg i område som treng nye, berekraftige arbeidsplassar. Omstilling og nyskaping for å finne nye løysingar på endra rammer og behov for helse- og omsorgstenestene vert viktig.

Mineralførekomstar og heilskapleg masseforvaltning vert tema i regionale planar.

Strategi 4

Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet.

Overgang til fornybar kraft er ein premis for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå andre berekraftsmål. I planperioden skal vi styrke energioverskotet frå fornybare energikjelder og sikre ei enda meir robust kraftforsyning. Vestland skal stimulere til meir fornybar energiproduksjon samstundes som vi energieffektiviserer, slik at vekstbehovet for kraft og nett vertnaudsynt mindre og gjer det mogleg å sikre meir kraft til industri og verdiskaping.

Det trengst mykje fornybar kraft i Vestland. Samstundes er det viktig å sjå på om behovet for kraft kan reduserast. Regional og kommunal planlegging skal bidra til energieffektive lokalsamfunn. Vi skal ha eit heilskapleg perspektiv på lokalisering av større byggeområde til bustad, fritidshus og næring. Landskaps- og naturverdiar, i tillegg til realistisk tilgang til kraft- og nettkapasitet og utnytting av eksisterande infrastruktur vert ein del av vurderinga. Det er behov for regional samarbeid i arbeidet med å finne areal til arealkrevjande næringer, energiutbyggingar og infrastruktur. Gjenbruk eller omskaping av nedbygd areal skal ha prioritet framfor lokalisering på ubyggd areal.

Vi skal prioritere utvikling innan fangst og lagring av karbon, fornybar energi, energigjenvinning, hydrogen, batteri, grøn skipsfart og landtransport, prosessindustri, skog- og trenæring og akvakultur i tråd med nasjonale forventingar. Grøne industrinæringar skal utnytte potensialet for omstilling og energieffektivisering mellom anna gjennom fleirbruk, gjenbruk og sambruk.

Offentleg sektor har ei viktig rolle i å støtte utvikling av effektiv og fleksibel energibruk, utnytting av overskotsenergi og energigjenvinning. Samspel mellom dei fornybare energikjeldene, lokal produksjon og eit godt utbygd kraftnett skal bidra til berekraftig verdiskaping og auka verdiskaping innanfor heilskapen i berekraftsarbeidet.

Strategi 5

Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.

Omsynet til oppveksten for barn og unge er grunnleggjande for all samfunnsutvikling, og Vestland skal styrke innsatsen for denne gruppa i tråd med nasjonale føringar. Vi skal arbeide for gode oppvekstvilkår frå tidlege år, gjennom barndomen og vidare.

Arbeid er nøkkelen til å kunne delta jambyrdig i samfunnslivet for dei fleste vaksne. Det er viktig at etter- og vidareutdanningar møter behova i eit samfunn i omstilling. Næringslivet, offentleg sektor og utdanningsinstitusjonane skal bruke sine verkemiddel for å finne nye, felles løysingar. Gjennom gode utdanningstilbod styrker vi deltakinga og inkluderinga.

Gjennom å koordinere arenaer og aktivitetar for kompetanse og karriererettleiing, skal alle ressursane i befolkninga takast i bruk. Gode rammevilkår for at innvandrarakar kan busetje seg, finne arbeid og verte inkluderte i heile fylket er viktig. Alle skal få moglegheit til å bidra på eigne premissar. Det er viktig med førebuande og heilskaplege grep i høve grupper som vi veit av ulike grunnar står i fare for å falle utanfor skule og arbeidsliv. Dette kan ein oppnå ved å tilby eit heilskapleg og samla tilbod og aktivitetar for mellom anna kompetanseutvikling og karriererettleiing.

Lokalsamfunna er viktige for deltaking. Vi skal prioritere sentrale, attraktive og universelt utforma areal til offentlege føremål, tenester og infrastruktur. Ved å satse på arkitektur og kunst i stadutvikling og planlegging, kan vi skape funksjonelle og inkluderande fysiske omgjevnader med høg kvalitet, som er trygge, attraktive og byr på mange ulike typar bruk for ulike grupper. Vi skal satse på idretts- og kulturtilbod, mobilitetsløyser, nærfriluftsliv og grønstruktur i bustad- og senterområde. Dette skapar bulyst i heile fylket og bidreg til sterke og attraktive lokalsamfunn.

Strategi 6

Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn.

Vestland skal vere eit mangfaldig og inkluderande samfunn med høg tillit som styrker grunnleggande menneskerettar og lokaldemokrati. Det er viktig at folk kan påverke tilhøve i eige nærmiljø. I eit sosialt berekraftig Vestland skal vi bygge ned barrierar for deltaking – både fysiske, strukturelle og kulturelle.

Alle innbyggjarar skal sikrast sosial rettferd og like livssjansar. Innsatsen for eit universelt utforma Vestland, betre folkehelse, styrka livskvalitet, og å hindre utanforskap og einsemd vert viktig. Eit generasjonsvenleg og inkluderande samfunn skal bidra til å bygge ned fordommar og diskriminering. Mange eldre er, og vil i åra som kjem gje, viktige bidrag til samfunnsutviklinga. Innvandring gjev mangfald og nye impulsar til lokalsamfunnet, men stiller òg krav til innsats for integrering og tilrettelegging. Det nye mangfaldet gjev positive impulsar til lokalsamfunna, og påverkar behova knytt til bustadtilbodet, offentlege rom og tilrettelegging for deltaking i lokaldemokrati og planlegging. Vestland skal bygge vidare på arbeidet som ein antirasistisk sone for å ivareta mangfaldet. Ungdomskultur og behovet til unge, helse og livskvaliteten deira må takast på alvor.

Samfunn med stor ulikskap har oftare lågare tillit mellom folk, svakare sosiale relasjonar, svakare deltaking i demokratiske prosessar og mindre økonomisk stabilitet. Viktige universelle grep for sosial utjamning er å sikre alle innbyggjarar tilgang til bustad, arbeid og inntekt, utdanning-, mobilitet- og helsetenester, natur-, kultur- og fritidsarenaer, gode oppvekstmiljø, stabile nærmiljø og bumiljø med god sosial mik. Menneske som er i risikosona for utanforskap skal stå først i køen når prioriteringar vert gjort.

Strategi 7

Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene.

Vi skal ha tydelege rammer for den fysiske utviklinga i Vestland. Den regionale planen skal fastsetje eit regionalt utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med overordna infrastruktur for mobilitet, kommunikasjon, energi og tenester. Planlegginga skal gje føreseielege rammer for offentlege og private investeringar i Vestland.

Bergen skal vere ein motor for fylket. Området skal vere attraktivt for bu- og arbeidsmoglegheiter, næringsliv, besøk, kunnskap, kunst, kultur, handel og tenester. Bergen skal også styrkje konkurransekrafta Vestland har både nasjonalt og internasjonalt.

Ein tydeleg regionsenterstruktur skal byggje opp under sterke knutepunkt som er fordelte rundt i fylket. Regionsentera skal fungere som motor for større bu-, arbeids-, handels- og tenestemarknader og støtte omlanda sine. Historiske knutepunkt med klare arbeidsdelingar kan liggje nærare kvarandre enn den jamne avstanden mellom regionsenter.

Mindre tettstader skal også vere attraktive stader og dekke lokale behov. Kommunane bør planlegge ut frå kva lokalsamfunna treng. Vi skal legge til grunn nasjonale føringar som i større grad støttar opp om lokale initiativ for å skape vekst og utvikling i område med folketalstagnasjon eller nedgang. Nokre mindre stader kan spele ei breiare regional rolle, basert på lokale føresetnader.

Utforming av omgjevnadene skal fremme inkludering, livskvalitet og attraksjon. Det styrker grunnlaget for busetnad, besøk og næring. Arkitektur, estetikk, kunst og kultur bidreg til levande og attraktive lokalsamfunn. Planlegging skal setje av tydelege sentrum. Ein samanhengande blå og grøn struktur, også innan byggesona, er viktig. Tilrettelegging for mjuk mobilitet er både eit klima- og inkluderingsomsyn. Knutepunkt i kollektivsystemet er viktige møteplassar og skal liggje sentralt.

Strategi 8

Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar.

Nasjonale forventningar til planlegging understrekar at lokale bidrag til samfunnssikkerheit og beredskap i første rekke handlar om å sikre og oversiktlege samfunn gjennom planlegging, sakshandsaming og beredskapsarbeid. Med ein endra internasjonal sikkerheitssituasjon har også sårbarheit blitt meir eit meir aktuelt tema. Det er viktig at det bur folk i heile Vestland, at ein styrker kompetansen om beredskap i eigen organisasjon og ansvarsområde med auka fokus på tiltak, gjennom planar og strategiar, for å vera rusta for dei utfordringane som kan komme. Kommunane har ansvar for risikoanalysar og beredskapsplanlegging som skapar

oversikt og tryggleik. Heile samfunnet, også den einiskilde innbyggjar og bedrift, bidreg til ein breiare, meir robust beredskap. Dette styrker totalberedskapen og gjev kapasitet til å møte ulike typar kriser på ein god måte.

Den raske utviklinga av naturmangfaldstap og klimaendringar gjer tilpassing og førebuing avgjerande, både i offentlege og private bygg og i infrastruktur. Ekstreme vêrhendingar, naturskadar og tap av naturmangfald påverkar samfunnstryggleiken og krev tiltak for å verne økosystem som dempar risiko, som skog og våtmarker. Naturbaserte løysingar kan ikkje berre redusere klimarisiko, men også skape meirverdi og auka trivsel for lokalsamfunn.

I Vestland er det viktig å intensivere klimaarbeidet med tiltak for å redusere utslepp og sikre rettferdig klimatilpassing. Samfunnssikkerheit byggjer på føre-var-prinsippet, med oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalyse som verktøy. Kommuneplanlegginga skal sikre omsyn til samfunnssikkerheit og beredskap, mellom anna gjennom naturfareutgreiing og gjennom omsynssonar. Forsvarets arealbehov må vurderast som del av den kommunale areal- og samfunnsplanlegginga. Vidare er bevaring av naturmangfald og matjord ein sentral del av beredskapsarbeidet. Landbruk og jordvern er viktige plantema for matsikkerheit og sjølvforsyning.

Kommunane skal sikre tilgang til reint drikkevatt og utvikle robuste, inkluderande bu- og nærmiljø som også fremjar natursikkerheit. Dette legg grunnlaget for ein trygg og berekraftig region, der både menneske, natur og infrastruktur har styrka motstandskraft mot framtidige utfordringar.

Strategi 9

Vestland skal forvalte natur-, landskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv og følgje opp Montrealavtalen frå 2022.

For å bygge ein attraktiv, konkurransedyktig og berekraftig region skal Vestland styrke det langsiktige omsynet til naturmangfald og kulturarv. Ein brei, samordna innsats skal bidra til målbare resultat og kompetanse på korleis bruke naturen i berekraftsarbeidet. Vestland skal følgje opp Montreal-avtalen frå 2022, med mål for bevaring og restaurering av natur. Oppfølginga vil få tydelegare retning frå stortingsbehandlinga av Meld. St. 35 (2023-2024)².

Vi skal få betre oversikt over arealplanlegging, arealbruk, naturtypar og -tilstand, naturrisiko og sårbarheit, både innanfor og utanfor byggesona. Fylkeskommunen vil fortsetje å utvikle og dele metodar, verktøy, data og statistikk saman med kommunar og forskingsinstitusjonar. Regionale vurderingar i planlegginga skal gje føreseielegheit og redusere konflikhtar knytt til regionale arealbehov på tvers av kommunegrensene.

Vi skal styrke kommunanes kapasitet i naturvennleg planlegging gjennom fagkompetanse og nettverk. Fylkeskommunen skal støtte kommunar som ønsker å arbeide for arealnøytralitet. Eit sentralt satsingsområde er å styrke heilskapsperspektivet og kunnskapen om viktige internasjonale verdiar som UNESCO-område og leveområda til den europeiske villreinstamma. Vestland forvaltar desse for verdssamfunnet.

² [Meld. St. 35 \(2023-2024\) - regjeringen.no](#)

Næringslivet skal få støtte til å arbeide med areal- og energieffektivitet og naturrisiko. Medvitet om korleis kulturlandskap og -miljø kan bygge lokal verdiskaping, identitet og livskvalitet i lokalsamfunna er viktig for resultat. Dette bidreg også til det nasjonale arbeidet med å styrke jordvernet som ein del av det levande kulturlandskapet.

Strategi 10

Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp.

Vestland skal vere ein leiande region i klimaomstilling og redusere klimagassutslepp og klimarisiko i tråd med regionale klimamål. Fylkeskommunen vil motivere, involvere og inspirere Vestland i klimaarbeidet.

Alle fossile utslepp skal verte kutta. Dette inkluderer innsats retta mot redusert energibehov og auka del fornybar energi alle sektorar. Energieffektiv teknologi og gjenbruk skal danne grunnlag for verdiskaping, innovasjon og entreprenørskap.

For å beskytte naturen vil Vestland sette langsiktige utbyggingsgrensar, utvikle prinsipp for berekraftig arealbruk og samordne planlegging av bustad, areal og transport. Framtidsretta og miljøvenlege transportalternativ både til lands og til vanns er viktig, i tillegg til berekraftig arealbruk.

Næringslivet skal bidra til verdiskaping og entreprenørskap gjennom sirkulære forretningsmodellar med redusert klimafotavtrykk, klima- og naturrisiko. Nullutslepps bygg- og anleggsverksemd skal vere eit av område vi prioriterer. Landbruket har også ei sentral rolle gjennom bruk av lokale ressursar.

Offentlege aktørar skal gå føre i å redusere miljøbelastning og klimagassutslepp, og skal etterspørje innovative og berekraftige løysingar gjennom offentlege anbod og vurderingskriterium i støtteordningar. Heile breidda av verkemiddelapparatet skal takast i bruk.

Vestland skal styrke innsatsen for ei rettferdig omstilling til eit endra klima. Vi skal ha sikre og robuste lokalsamfunn som også nyttar økosystemsystemtenestene i naturen til å oppnå klima- og naturmål parallelt.

A landscape photograph showing a mountain valley. In the foreground, several high-voltage power line towers are visible, with power lines stretching across the valley. A winding road curves through the middle ground. The background features steep, forested mountains under a clear sky. The overall scene is a mix of natural beauty and infrastructure.

Kapittel 4

Planbehov i perioden 2024-2028

I planperioden vil Vestland utarbeide to nye, breie regionale planar: Regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse. Dette er prioriterte planoppgåver som femner om store berekraftsspørsmål knytt til verdiskaping, natur og miljø og sosial berekraft. Det vert lagt opp til medverknad. I planperioden vert Regional plan for vassforvaltning Vestland revidert. Felles handlingsprogram til folkehelseplanane vert rullert. Det vert sett i gang utvikling av felles kunnskapsgrunnlag for heilskapleg forvalting av vestnorsk fjordlandskap UNESCO naturvernområde.

Regional planlegging som berekraftsverktøy

Føremålet med planlegginga er å sette strategisk retning og å fremme ei berekraftig utvikling, gjennom å sjå samanhengar mellom sektorar, forvaltingsnivå og interesser i eit område. Den formelle oppfølginga av regional planstrategi skjer gjennom regional planlegging og interkommunale plansamarbeid. Regionale planarbeid tek tak i prioriterte planspørsmål som er felles for fleire kommunar og som krev samordning og samarbeid.

I planperioden skal regional planlegging verte eit enda betre verktøy for berekraftsarbeidet i Vestland. Det er behov for å styrke heilskap og samheng i planlegginga for å få dette til. Det vil vere mange målkonfliktar og politiske dilemma knytt til å møte utfordringsbildet til Vestland. Samstundes er det og eit stort potensial for å skape meirverdi og synergjar. Breie tverrsektorielle planarbeid skal bidra til dette.

Fylkeskommunen vil trekke inn statlege organ, kommunar, organisasjonar og institusjonar som kan vere viktige for å realisere planane, tidleg i arbeidet. Vi skal vidareutvikle samskaping som metode for å styrke legitimitet og gjennomslagskraft i planlegginga.

Gjennomgåande plantema

Utviklingsplanen peikar ut eit utval plantema som er særleg relevante for alle sektorar og plannivå for å nå måla våre. Vi kallar desse gjennomgåande plantema. Mange ulike samfunnsaktørar har verkemiddel til å gjennomføre tiltak knytt til desse temaa. Målet med å trekke fram eit utval gjennomgåande plantema er å skape betre medvit og kunnskap, og bidra til at det vert arbeidd breitt, heilskapleg og samordna med dei.

Nokre av dei gjennomgåande plantemaa er godt innarbeidde i lover og nasjonale rammer for planlegginga. Ny kunnskap og spissa politikk har bidratt til å løfte nye plantema fram. Dei gjennomgåande plantema skal ha like høg prioritet. Dette gjeld:

- oppvekstvilkår for barn og unge (PBL 1-1)
- estetisk utforming av omgjevnadene (PBL 1-1)
- universell utforming (PBL 1-1)
- klima
- naturmangfald
- folkehelse
- mangfald, inkludering og integrering (etnisitet, livssyn, kultur, kjønn og seksualitet, funksjonsevne med meir)
- samfunnssikkerheit og beredskap

Vi følgjer opp dei gjennomgåande temaa gjennom regionale planarbeid, og oppfordrar kommunane til å vurdere behovet for å styrke temaa i eigne planoppgåver.

Premiss for planutvikling 2024-2028

Kunnskapsgrunnlaget og innspel til høyring og offentleg ettersyn syna at det er behov for å vidareutvikle det regionale plansystemet i Vestland. Det vert tatt fleire grep allereie i denne perioden, mellom anna i bruken av regional planlegging som reiskap. Arbeidet med utvikling av plansystemet påverkar planbehova. Det vil og i ulik grad verke inn på tidlegare planvedtak og vedtekne planar i fylkeskommunen si planportefølje.

Det skal utarbeidast to breie regionale planar: Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Arbeidet med planprogramma vert gjennomført i 2025. Vedtak av planprogram vil fastsetje kva vedtekne regionale planar, temaplanar og strategiar som vert heilt eller delvis erstatta av dei nye planane. Det dannar òg grunnlaget for vurdering av behovet for å utarbeide nye temaplanar eller strategiar, som er dei eigne planreiskapane til fylkeskommunen.

Sjå meir omtale av plansystemet i kapittel 5.

Tabell 1: Oversikt over vedtekne regionale planar i Vestland per november 2024.

Vedtekne regionale planar Lenke til regional plansidene	Kort omtale av planen
Regional plan for fornybar energi 2023–2035	Gjennom utbygging av fornybar energi skal Vestland bidra vi til målet om eit netto nullutsleppssamfunn. Planen gjev retningslinjer for fleksibel og sikker kraftforsyning basert på fornybare kjelder, som er ein viktig føresetnad for vidare grøn verdiskaping i fylket. Planen har føringar knytt til areal.
Regional plan for kultur 2023–2036	Planen gjeld utvikling av det breie kulturfeltet og skal styrke Vestland som kulturregion. Kulturplanen nyttar eit utvida kulturomgrep og inkluderer alt frå kunst, allmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemder og kreativ næring.
Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2022–2033	Hovudmålet med planen er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen har fire satsingar: grøn næringsutvikling, areal til næringsutvikling, kompetanseutvikling i arbeidslivet og innovative og inkluderande samfunn.
Regional transportplan for Vestland fylke 2022–2033	Regional transportplan er ein strategisk plan for samferdselssektoren i Vestland, med hovudvekt på det fylkeskommunale ansvaret. Planen omtalar også det nasjonale ansvarsområdet på feltet. Planen har stor påverknad på kommunane og næringslivet i Vestland og handlar om alle delar av samferdslesektoren, som drift, vedlikehald og utbygging av

	fylkesveg, kollektiv, skredsikring, gang- og sykkelveg, Bybanen og Miljøløftet.
Regional plan for klima 2022–2035	Planen er eit overordna, langsiktig og tverrsektorielt styringsdokument for klimaarbeidet i Vestland. Hovudmålet er at Vestland skal vere ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet, der vi løyser tre kritiske oppdrag: utsleppsreduksjon, klimatilpassing og å sikre naturmangfald - gjennom fem prioriterte plantema. Klimaplanen har retningslinjer for planlegging knytt til alle fem prioriterte plantemaa og fire deltema i planen.
Regional plan for attraktive senter i Hordaland med handelsføresegner 2015–2026 og Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane med handelsføresegn 2018–2022 Nytt kunnskapsgrunnlag 2023	Ein plan for senterstruktur og retningslinjer for lokalisering, arealbruk og estetisk utforming av omgjevnader, som definerer mål, strategiar og senterstruktur i tidlegare Hordaland. Har retningslinjer og handelsføresegn som styringsverktøy for regional utvikling. Strategien har retningslinjer for senterstruktur, arealbruk, lokalisering og arkitektur. Strategien skal bidra til betre bu-, arbeids-, og besøksstader i tidlegare Sogn og Fjordane. Har handelsføresegn. Kunnskapsgrunnlag for ny, felles regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn i Vestland vart lagt fram for fylkesutvalet i Vestland i 2023. Det vart her gjort vedtak om å setje arbeidet på vent for å sjå planbehova i samanheng med andre regionale planspørsmål.
Regional areal- og transportplan for bergensområdet (2017–2028)	Planen er eit viktig operativt verktøy og grunnlag for forpliktande samarbeid mellom stat, fylke og kommunane i området. Planen gjev strategisk retning for utviklinga av bergensområdet innanfor berekraftige rammer. Målet er meir konsentrert utbyggingsmønster og satsing på kollektivtransport, sykkel og gonge og å styrke konkurransekrafta til næringslivet. Fleire arealføringar.
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger 2017	Føremålet med planen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Plantema er berekraftig kystzoneplanlegging, akvakultur, sjøtransport og maritim næring, og strandsone. Planen har plankart og retningslinjer med arealføringar.
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet	Planen omfattar haugalandsområdet og gjeld for sentrumsutvikling, bustad- og næringsbygg, transport og arealforvaltning. For Vestland gjeld planen for kommunane Sveio og Etne. Fleire arealføringar.
Regional planar for folkehelse: Hordaland 2014–2025 / S&FJ 2015–2025	Vestland har to regionale folkehelseplanar frå 2014/15 med felles handlingsprogram frå 2021. Begge planane vart vidareførte i planperioden. Planen for Hordaland har planretningslinjer. Felles handlingsprogram skal rullerast.
Fylkesdelplan for arealbruk S&FJ	Plan med retningslinjer for arealbruk, lokalisering og arkitektur, og føresegn for lokalisering av handel.

Regional plan for Nordfjella 2014–2025	Vestland samarbeider med andre fylke når det gjeld forvaltning av den nasjonale villreinstamma. Noreg forvaltar i dag dei siste livskraftige populasjonane av opphavleg vill fjellrein i Europa. Vi har difor eit særskilt internasjonalt ansvar for villreinen, mellom anna gjennom å sikre livskraftige leveområde. Frå 2021 har villreinen vore på den norske raudlista som nær truga. I 2023 vart det utarbeida utkast til statlege tiltaksplanar for å betre livsvilkåra for den norske villreinen. Våre regionale planar er peika på som viktige verktøy for å forankre og implementere komande tiltak.
Regional plan for Hardangervidda 2011–2035	
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	
Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026	
Regional vassforvaltingsplan for Vestland 2022–2027	Sjå revisjon regionale planar

Utarbeiding av nye regionale planar

Det er prioritert å utarbeide to nye regionale planar:

- Regional plan for areal og mobilitet
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Mål: Planane skal bidra til berekraftig samfunnsutvikling i Vestland gjennom å peike ut strategisk retning og samordne innsatsen for samfunnsutvikling.

Tema: Dei to planarbeida skal bidra til å utvikle berekraftsarbeidet i fylket. Planarbeida skal styrke samanhengstenking og måloppnåing på tvers av einskilde mål, ved å samle oppgåver som i dag er fordelte på ei rekke meir sektorretta planar under eitt. Gjennomgåande tema i planlegginga vert følgd opp gjennom planarbeida. Planarbeida vil krevje avveging og avklaring mellom mange ulike interesser, og over sektor- og kommunegrenser. I gjennomføringa av planane må mange aktørar samordne innsats og verkemiddelbruk.

Forholdet til vedtekne regionale planar: Fleire vedtekne planar i Vestland kan verte erstatta, heilt eller delvis, ved at planspørsmål, tema og retningslinjer vert samordna i dei nye regionale planane.

Involvering og medverknad: Planprosessane skal vere opne og føreseielege. Alle aktørar som har eit direkte delansvar for å følgje opp regionale planar vil verte involvert. Det gjeld kommunane og statlege aktørar i Vestland. Det vert vidare lagt til rette for medverknad frå organisasjonar og institusjonar som vert råka. Etter plan- og bygningslova skal det leggjast til rette for aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, her under barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. Planarbeida skal legge berekraftsprinsippet om at ingen skal utelatast til grunn, ved å styrke medverknad frå grupper som er i faresona for utanforskap.

Kunnskapsgrunnlag: Det er behov for å samordne ei rekke eksisterande kunnskapsgrunnlag og deretter vurdere behovet for å oppdatere og supplere dette.

Planprogram: Planprogramma vil fastlegge nærare kva tema som skal inngå i dei to planane. I tillegg vil planprogramma avklare arbeidsfordeling og grensesnitt mellom planane. Planprogramma skal innehalde opplysningar om:

- formålet med planarbeidet
- overordna rammer for arbeidet
- organisering
- framdrift
- medverknad
- skildring av kva alternativ som vert vurderte

Framdrift: Planarbeida vil gå føre seg parallelt. Arbeidet med planprogramma vert starta opp våren 2025. Det er ein ambisjon at begge planarbeid skal vere gjennomførte før neste fylkesval i 2027. Arbeidet med planprogramma kan syne at det er behov for å revidere denne framdriftsplanen.

Regional plan for areal og mobilitet



Figur 5: Illustrasjon for regional plan for areal og mobilitet. Laga av Aksell.

Tema: Regional plan for areal og mobilitet skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for den fysiske utviklinga av Vestland. Planen skal skildre korleis planlegging av areal og mobilitet skal bidra til at vi når måla i utviklingsplanen. Planen gjeld heile fylket. Planprogrammet vil fastlegge om vedtatt regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal fortsetje å gjelde. Det gjeld òg regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

Den regionale planen skal fastsetje eit regionalt utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med overordna infrastruktur for mobilitet, kommunikasjon, energi og tenester. Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegginga for 2023–2027 listar opp ei rekke forventingar til tematikken. Regional plan for areal og mobilitet legg desse og nasjonale retningslinjer til grunn, og skal bidra til heilskaplege og lokalt tilpassa løysingar for Vestland.

Alle retningslinjer for arealbruk i Vestland skal inngå i planen. Planen skal ta omsyn til lokale føresetnader og utbyggingspress og vil ha differensiert retningslinjer for arealforvaltning som sikrar utvikling i heile fylket. Fylkestinget skal vurdere behovet for å vedta ei regional planføresegn for areal knytt til planen.

Planen skal sikre samordning og samarbeid i gjennomføring av statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk på området i Vestland.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse



Figur 6: Illustrasjon av regional plan for verdiskaping og kompetanse. Laga av: Aksell

Tema: Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Planen skal skildre korleis verdiskaping og kompetanse skal bidra til at vi når måla i utviklingsplanen. Planen gjeld heile fylket.

Viktige tema er grøn nærings, natur- og kulturbasert nærings, utnytting av mineralressursar og heilskapleg masseforvaltning, omstilling til fornybar kraft og sirkulærøkonomi, og den heilskaplege kompetanse og opplæringspolitikken. Planen skal bidra til å sjå integreringspolitikk, kompetansopolitikk og utdanningspolitikk i ein tydelegare samanheng, og gje ei felles forståing av utfordringar, moglegheiter og utviklingsbehov. Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegginga for 2023–2027 listar opp ei rekke forventingar til tematikken. Regional plan for verdiskaping og kompetanse legg desse til grunn og skal bidra til heilskaplege og lokalt tilpassa løysingar for Vestland.

Retningslinjer knytt til verdiskaping og kompetansefeltet skal samordnast gjennom planen. Planen skal sikre samordning og samarbeid i gjennomføring av statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk på området i Vestland, og bidra til å mobilisere heile næringslivet til brei innsats for å nå felles mål.

Revisjon av regionale planar

Regional plan for vassforvaltning Vestland 2022–2027

Regional plan for vassforvaltning Vestland vert følgt opp i eit samarbeid innanfor vassregion Vestland og er den einaste regionale planen som skal reviderast i planperioden. Vestland vassregion følgjer nedbørsgrensene til Vestland og ikkje den administrative fylkesgrensa. Krav til innhald i planen og tiltaksprogrammet er gitt i vassforskrifta. Planen skal utarbeidast som ein regional plan i samsvar med plan- og bygningslova. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) skal ligge til grunn.

Hovudmålet med planen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Planen set miljømål, og skisserer kva som skal til for å nå miljømåla for vassførekomstane. Gjeldande regionale vassforvaltingsplan med tiltaksprogram for 2022–2027 blei utarbeidd i 2021. Planen vart vedteken av fylkestinget og godkjend av Klima- og miljødepartementet i 2022. Fram mot utgangen av 2027 skal plandokumenta oppdaterast for heile landet for planperioden 2028–2033.

Følgjande plandokument skal på høyring fram mot 2027:

- Planprogram og hovudutfordringar kjem på høyring i 2025 (6 mnd. frå 01.01.25).
- Vassforvaltningsplanen, tiltaksprogram og handlingsprogram kjem på høyring i 2026.
- Planlagt vedtak i fylkestinget av revidert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2028–2033, skjer innan utgangen av 2027.

Oppheving av regionale planar

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane

Ved vurderingar av planbehov er det avdekka at planen i liten grad er operativ. Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane vert oppheva ved vedtak av utviklingsplanen.

Rullering av regionale planar med merksemd på handlingsprogram

Rullering av handlingsprogram for regionale planar for folkehelse

Kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen og folkehelseoversikta syner at folkehelsa er under press. I tillegg påverkar fleire sentrale lovarbeid folkehelse,- integrerings- og det bustadsosiale feltet. Først og fremst gjeld dette:

- Fylkeskommunen fekk nye oppgåver på integreringsfeltet i 2020. Dette inneber å styrke samarbeid med kommunar og tilbod om kvalifisering og deltaking for innvandrarak.

- Det vart vedteke endringar i bustadsosial lov 1. juli 2023. Lova skal bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får bistand til å skaffe seg og behalde bustad.
- Forslag til endringar i folkehelselov er på høyring fram til januar 2025. Endringane legg vekt på å styrke det systematiske folkehelsearbeidet og ser mellom anna på kommunane og fylkeskommunen si rolle i folkehelsearbeidet.

Dette gjev behov for å styrke den strategiske retninga og samordne arbeidet med folkehelse, integrering og det bustadsosiale området, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå i Vestland. Utviklingsplanen har satsingsområde, mål og strategiar som svarer på dette. Folkehelse med utjamning av sosiale helseskilnader, mangfald, inkludering og integrering er òg framheva som gjennomgåande plantema. Desse temaa skal inngå i begge dei breie regionale planarbeida.

I tillegg er det vurdert at det er behov for å gjere ei rullering av vedteke felles handlingsprogram til dei to regionale folkehelseplanane. Det skal gjerast mindre tilpassingar som ikkje endrar hovudinnhaldet i planane. Tilpassingane skal sikre meir strategisk vekt på tiltaksutforming og følgje opp folkehelseoversikta og utviklingsplanen. Rulleringa vert samordna med dei to regionale planarbeida.

I samband med planlegginga kan det vere behov for nytt og breiare kunnskapsgrunnlag. Aktørar som har medansvar for oppfølging av handlingsprogrammet får høve til å bidra til arbeidet på ein hensiktsmessig måte.

Vurdering av behov for rullering av regionale planar med merksemd på handlingsprogram

Fylkestinget skal etter plan og bygningslova gjere ei årvisss vurdering av behov for rullering av handlingsprogram som høyrer til regional plan. I denne planperioden vert vurderinga gjort første gong på grunnlag av vedtatt planprogram for dei to nye regionale planarbeida.

Utvikling av kunnskapsgrunnlag for nærare vurdering av planbehov

Vestnorsk fjordlandskap – Verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

Vestnorsk fjordlandskap er innskrive på verdsarvlista til Unesco og vurdert å vere eit av dei mest verdifulle natur- og kulturarvområde i verda. Verdsarvområdet omfattar fire kommunar i Vestland og to i Møre og Romsdal fylke. Det gjer at det er krevjande å sjå den samla effekten av tiltak som vert gjennomførte i området. Det er òg vanskeleg å ha oversikt over og samordne verkemiddelbruken på tvers av administrative grenser og forvaltingsnivå. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har innhenta faglege råd frå Verdas naturvernunion (IUCN). I ein rapport frå 2022 blei det tilrådd å gjennomføre ei strategisk miljøkonsekvensutgreiing som dekker temaa reiseliv, industriell næringsverksemd, akvakultur, anna næringsutvikling, trafikk og sikkerheit. I rapporten vert det også tilrådd å

revidere dei tidlegare konsekvensutgreiingane og lage ein felles forvaltningsplan for dei to delområda.

Direktoratet meiner at tilrådingane frå IUCN kan følgast opp gjennom å utarbeide ein interregional plan for vestnorsk fjordlandskap. Etter høyringa av utviklingsplanen for Vestland er det vedteke at vurderinga av framtidige planbehov for vestnorsk fjordlandskap må vente til det er utvikla nytt kunnskapsgrunnlag.

Det vert sett i gang utvikling av felles kunnskapsgrunnlag for heilskapleg forvaltning av vestnorsk fjordlandskap UNESCO naturvernområde, i tett samarbeid med kommunane og andre aktørar. Arbeidet vert starta opp i 2025, under føresetnad av ekstern finansiering. Fylkestinget vurderer behov for planlegging på grunnlag av det ferdige kunnskapsgrunnlaget.

Pågåande arbeid med nye temaplanar og strategiar i planperioden

I tillegg til dei formelle planarbeida etter plan og bygningslova, følger fylkeskommunen opp utviklingsplanen gjennom anna planlegging, utgreiing og tiltak. Temaplanar og strategiar er Vestland fylkeskommune sine eigne plantypar, som skal dekke andre behov for planlegging i tillegg til dei regionale planane.

Alle vedtekne temaplanar og strategiar vert vidareførte i planperioden. Dette gjeld også temaplanar og strategiar der arbeidet med kunnskapsgrunnlag eller planarbeidet er sett i gang gjennom politisk vedtak. Vestland fylkeskommune har åtte vedtekne temaplanar og ein ny som er under utvikling. Fylkeskommunen har også elleve vedtekne strategiar.

Meir omtale av temaplanar og strategiar i kapittel 5. Liste over temaplanar og strategiar vedlegg 2.

Ny temaplan plan for bevaring av privat arkiv

Planen er forankra i regional plan for kultur. Hovudføremålet er å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Det er avgjerande å jobbe kunnskapsbasert og sikre ein samordna og koordinert innsats på feltet. Arkiva i Vestland representerer den historiske og kulturelle forankringa til innbyggerane. Det er viktig at òg denne kulturhistoria vert teken vare på for framtida. Arbeidet med bevaring av privatarkiv er nytt i Vestland. Planarbeidet er starta og planlagt ferdig i 2025.

Nærare vurdering av behov for nye temaplanar og strategiar

Utvikling av nye temaplanar og strategiar ut over det som er sett i gang, skal stå på vent til planprogram for dei to nye planane er vedtatt. På grunnlag av vedtatt planprogram vert det gjort ei vurdering av behov for planlegging og oppstart av arbeida.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kapittel 5

Plansystem og plantypar i Vestland

Det regionale plansystemet skal utviklast vidare. Målet er å gjere regional planlegging meir strategisk, heilskapleg og effektiv. I perioden vert det prioritert å styrke prosessen kring planprogram som eit verktøy for tidleg avklaring og involvering. og merksemd på verknader av planlegging for berekraft. Tilsvarande vert det arbeid med å gjere handlingsprogram til enda betre verktøy for oppfølging. Realistiske og forpliktande tiltak, jamleg rullering og tettare kopling til økonomiplanlegging og rapportering.

Utvikling av det regionale plansystemet

Kunnskapsgrunnlag og innspel til høring og offentleg ettersyn av utviklingsplanen syner at det er eit stort behov for å forenkle, fornye og forbetre det regionale plansystemet i Vestland. Arbeidet med å styrke heilskap, samanheng og oversikt har starta og vil gå over fleire politiske periodar.

I planperioden skal det utviklast tydelegare rammer for bruk av dei ulike plantypene. Vestland fylkeskommune har tatt i bruk delar av det digitale verktøyet FRAMSIKT for å styrke heilskapleg verksemdstyring. Verktøyet kan bidra til å styrke koplinga mellom overordna satsingsområde, utviklingsmål og strategiar i utviklingsplanen, regional planlegging, økonomi- og budsjettplanlegginga og rapportering på måloppnåing.

Det vert lagt til rette for dette ved utarbeiding av ny felles målstruktur og tilpassing av planformata som skal leggest til grunn for nye regionale planarbeid, temaplanar og strategiar. Vi skal nytte regional planlegging som eit reiskap for å styrke samhengane mellom fag og sektorar. Dei to nye regionale planarbeida vil bidra til å setje enda meir tydeleg retning til det overordna utviklingsarbeidet med plansystemet. Fylkeskommunen vil vidareutvikle rutinar og verktøy for rullering av handlingsprogramma, og vil sjå på korleis kople dei til økonomiplanlegging og resultatmåling.

Rullering og revisjon av vedtekne planar vert halde på eit minimum mens endringsarbeidet går føre seg.

Målstruktur, rapportering og tilhøve mellom planar

Målstrukturen for planar i Vestland er ny for planperioden 2024–2028 (vedlegg 3). Den synleggjer forholdet mellom dei ulike plantypene og andre styringsverktøy, slik som økonomiplan. Målet er ein føreseieleg og felles struktur med koplingar gjennom heile plansystemet, frå utviklingsplanen til økonomi, budsjett og målrapportering. Heilskapleg struktur for målhierarki og omgrep skal gjere innhaldet i planporteføljen meir oversiktleg i bruk for fylkeskommunen, statlege aktørar og kommunar. Det skal gjere det enklare å bruke og følge opp planar gjennom tiltak, sakshandsaming, målrapportering og gjennom verkemiddelapparatet.

Visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune ligg til grunn og er felles for alle planarbeid i fylkeskommunen. Satsingsområda og måla i utviklingsplanen er eit grunnlag for all planlegging i Vestland, og vert utgangspunkt for å utvikle delmål og strategiar i regionale planar. Rapportering på måloppnåing for hovudmåla i utviklingsplanen vert grunnlag for fylkeskommunen si årsmelding. Resultat frå delmål i regional plan kan og inngå.

Utviklingsplanen og sektrovergrepande regionale planar ligg til grunn for andre planar, til dømes temaplan og strategiar. Nye planar gjeld framfor eldre planar ved motstrid.

Utviklingsplan – regional planstrategi

I Vestland er planstrategien del av ein brei utviklingsplan, som set tydeleg retning for samfunnsutviklinga i perioden. Utviklingsplanen skal fremme heilskapleg regional utvikling og gjere planlegging meir forpliktande og målretta. Stat, regionale organ og kommunar i Vestland skal legge den regionale planstrategien til grunn for vidare planarbeid i regionen.

Utviklingsplanen gjer greie for kva som er dei viktigaste regionale utfordringane og moglegheitene, og korleis vi skal møte dei på ein samordna og heilskapleg måte. Regional planstrategi slår fast kva regionale planar som skal utarbeidast, , og kva planar som skal reviderast, rullerast eller opphevast i perioden. Fylkestinget i Vestland tek òg stilling til behov for sine eigne plantypar, temaplanar og strategiar, i utviklingsplanen. Dette for å sikre god samanheng og kommunikasjon.

Planprogram

Planprogrammet er eit viktig verktøy for å avklare rammene for planarbeidet og vert fastsett av fylkestinget i Vestland. Eit planprogram er ei oppskrift for planarbeidet. Det skal fastsetje føremål og overordna rammer for arbeidet, behov for kunnskap og konsekvensutgreiing, organisering, framdrift og medverknad og kva alternativ som skal greiast ut.

Fylkeskommunen vil styrke planprogramma som prosessverktøy, særleg med tanke på utgreiingsbehov for å skildre verknader for miljø og samfunn, jamfør plan og bygningslova kap. 4. Det skal og vert eit betre verktøy for tidleg fase samarbeid og medverknad jamfør lovas kapittel 5 og § 8-3. Arbeidet med planprogram skal involvere samarbeidspartar som kommunar og statlege styresmakter og andre råka organisasjonar og institusjonar.

Regionale planar med handlingsprogram

Regionale planar og regionale planføresegn er heimla i plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-5. Regionale planar er eit strategisk verktøy for prioriterte tema, verksemdsfelt eller geografiske område, der det er behov for regional samordning. Behovet for samordning gjeld som hovudregel fleire kommunar, sektorar og forvaltingsnivå. Regional plan tek for seg langsiktige planspørsmål og skal ha ein horisont på minst tolv år. Regional plan er retningsgjevande for statlege organ og kommunar i Vestland og vert difor utarbeida i samarbeid med dei. I tillegg skal andre organisasjonar og interessepartar som vert råka av planarbeidet og/ eller som er viktige for gjennomføringa involverast.

Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring, og ikkje vere meir omfattande enn naudsynt. Det er krav i lova om eit integrert handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet vert utarbeidd og vedtatt samstundes med første gongs vedtak av planen. Fylkestinget skal vurdere behovet for rullering årleg, som grunnlag for økonomiplanlegginga. Ved rullering vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen fornya. Desse aktørane skal difor vere med i arbeidet etter behov. Økonomiplan skal etter kommunelova vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i regionale planer skal verte følgd opp.

I Vestland fylkeskommune nyttar vi etter behov eit todela handlingsprogram: Eit strategisk og overordna handlingsprogram vert vedteke samstundes med planen og gjer langsiktig strategisk retning for oppfølginga. I tillegg vert det utarbeidd ein årsplan med tiltak som er forankra i årsbudsjettet og som vert rullert årvisst. Statlege og regionale styresmakter og kommunar skal verte einige om behov og moglegheiter for medverknad i rulleringa og handlingsprogramma.

Regional plan gjeld til dei vert erstatta ved planvedtak.

Temaplanar

Temaplanar vert nytta for planspørsmål som er knytt til fylkeskommunen sine oppgåveområde, og der fylkeskommunen sjølv har dei viktigaste verkemidla. Dei skal bygge på planbehov som er skildra i regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar skal setje retning og gje rammer for utvalde tema og er heimla i kommunelov eller sektorlovverk. Form og prosessreglane for regional plan gjeld så langt det passar for temaplan inntil plansystemet er vidareutvikla, og vert tilpassa den einskilde plan og dei problemstillingar planen tek opp. Når temaplanar har stor påverknad på samfunnet, og der andre aktørar har viktige verkemiddel, skal eksterne aktørar involverast. Temaplan kan då vere grunnlag for langsiktig og samordna samarbeid, partnerskap og verkemiddelbruk.

Temaplanar kan ha handlingsprogram etter behov. I handlingsprogramma skal det vurderast ressursbehov og peike på ansvarleg organ og samarbeidspartar for gjennomføringa.

Varigheit etter gjeldande praksis i Vestland fylke er som hovudregel det same som for regional plan. Temaplanar som utløyser ressursbehov vert følgde opp i økonomiplanlegginga.

Temaplanar gjeld til dei vert erstatta ved planvedtak.

Strategiar

Strategiar nyttast til å gje retning til nye politikkområde eller for å styrke samordninga innan tema eller oppgåver som allereie er forankra i fleire sektorområde. Ein strategi gjev overordna retning for ulike samfunnstema, for eit fagfelt eller område. Han kan peike ut vegval og satsingsområde og skal skildre dei viktigaste stega eller milepålane for å nå ønska resultat.

Strategiar skal ikkje ha eige handlingsprogram eller tiltak. Dei skal likevel peike på kva som må til for å sikre gjennomføring og peike ut ansvarleg organ for samordning av oppfølginga. Varigheit etter gjeldande praksis i Vestland fylke er at strategiar har kortare levetid enn andre planverktøy, etter innhald og funksjon. Strategiar som utløyser ressursbehov vert følgde opp i økonomiplanlegginga.

Strategiar gjeld til dei vert erstatta ved planvedtak.

Rullering versus revisjon av regional plan med handlingsprogram

Gjennom utviklingsplanen legg Vestland følgande forståing av forskjellen mellom rullering og revisjon av vedtekne planar til grunn. Fylkestinget i Vestland har mynda til begge delar.

Rullering

Den årvisse vurdering av regionale planar sine handlingsprogram etter plan- og bygningslova (PBL) vert gjort for å vurdere behovet for ei rullering. I Vestland skal ei rullering primært vere ei oppdatering av handlingsprogrammet knytt til måloppnåing, gjennomføring av tiltak og framdrift. Vurdering av behov for rullering skal vere ein integrert del av det årlege økonomi- og budsjettarbeidet etter kommunelova. Det kan gjerast mindre tilpassingar som ikkje endrar hovudinnhaldet i planen og som ikkje rår offentlege styresmakter og organisasjonar. Behov for deltaking og medverknad etter PBL er den avgjerande faktoren for å vurdere dette. Aktørar som gjennom planlegginga har fått delansvar for oppfølging av handlingsprogram skal ha høve til å bidra til arbeidet på ei hensiktsmessig måte.

Revisjon

Revisjon av regional plan med handlingsprogram bygger på ei vurdering av at det er behov for å gjere betydelege forandringar og omarbeidingar som endrar innhaldet i planen, og som rår offentlege styresmakter og organisasjonar. Behovet for revisjon kan oppstå på grunn av planens alder, endra rammevilkår, nye politiske føringar eller andre forhold som påverkar planen vesentleg. Revisjon kan inkludere endringar i mål, delmål eller strategiar. Reglene for revisjon av regional plan er dei same som for utarbeiding og vedtak av ny plan.

Vurderingspunkt ved planutvikling

Behov for planar i planperioden vert vedtatt i utviklingsplanen for perioden. Fylkeskommunen vil arbeide med rutinar og verktøy for å handtere behov som oppstår i mellomperiodane, for å sikre heilskap i planlegginga. Følgande vurderingar vil inngå:

- Ved vurdering av nye planbehov eller revisjon, skal alltid type plannivå etter funksjonsinnhald vurderast, i tråd med ny målstruktur i plansystemet i Vestland (vedlegg 3).
- Ved nyutvikling eller revisjonar av alle plantypar, og så langt det passar rullering av handlingsprogram, skal felles målstruktur nyttast.
- Ved utvikling av planprogram for regionale planar skal det vurderast om det er hensiktsmessig å innarbeide retningsliner frå vedtekne regionale planar, regionale planføresegn eller oppheve vedtekne regionale planar, slik at heilskapen vert styrka og arbeidet bidreg til forenkling. Det skal og vurderast om vedtekne temaplanar og strategiar skal verte oppheva ved vedtak.
- Når utvikling av nye planar eller revisjonar av planar skjer samstundes, skal det peikast ut ansvarlege organ for samordning. Dette for å hente ut synergjar, avklare tema og vurdere motstridande interesser.

- Før oppstart av arbeidet med temaplanar og strategiar skal det leggst fram politisk sak som avklarar behov, rammer og medverknad og forholdet til andre planar.

Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ

Fylkestinget i Vestland er regional planstyresmakt etter plan- og bygningslova. Regional planstyresmakt har ansvaret for og leier arbeidet med regional planstrategi, regionale planer med handlingsprogram og regional planføresegn. Regional planstyresmakt har òg ansvar for å vurdere behov for rullering av handlingsprogram til regional plan årleg og behov for revisjon av regional plan. Fylkestinget sitt mynde til å vedta regional plan med handlingsprogram kan ikkje overførast eller delegerast til annet organ.

Regional planstyresmakt skal sørge for å ha tilgang til naudsynt planfagleg kompetanse for utarbeiding og handsaming av planar og planfagleg rettleiingsverksemd etter lova.

Vestland har reglement for folkevalde organ og delegering, som vert oppdaterte minst ein gong i kvar valperiode. [Lenke til reglement for folkevaldeorgan og delegering.](#)

Framdrift, organisering og medverknad

Rammeverket for prosjektarbeid i Vestland fylkeskommune, interne retningsliner og lovkrav og nasjonale rammeverk ligg til grunn ved utvikling av dei ulike plantypane i Vestland. I planarbeid skal det leggst til rette for å nytte ny teknologi og elektronisk kommunikasjon som styrker medverknaden og senker terskelen for å delta i planlegginga. Fylkeskommunen nyttar frå 2024 som hovudregel digitale høyringar med kunstig intelligens som hjelpemiddel i planlegging. Under er det vist nokre felles rammer for prosessar med regionale planar og temaplanar.

Framdrift og organisering

I Vestland vert større planarbeid gjennomførte som prosjekt. Fylkeskommunen nyttar verktøyet *Prosjektportalen*, basert på *Prosjektveivisaren*, som er den anbefalte prosjektmodellen i offentleg sektor.

Organisering og framdrift vert tilpassa behovet i kvart planarbeid. Løysingane skal balansere behovet for samarbeid og medverknad mot mål om effektiv prosess og oppfølging.

Prosjektarbeid er delte i fem fasar: konsept, planlegge, gjennomføre, avslutte og realisere.

Fylkeskommunen er i startgropa med prosjektverktøyet og vil bruke planperioden til å optimalisere bruken av verktøyet til planarbeid. Verktøyet skal bidra til styring, kvalitetssikring og auka medvit om gevinstar ved planarbeid.

Regionale planarbeid i Vestland er i praksis delt i fem delfasar:

1. Utarbeiding, høyring, offentleg ettersyn og vedtak av planprogram
2. Utarbeiding av planforslag

3. Høyring og offentlig ettersyn av planforslag
4. Arbeid med planforslaget fram til vedtak i fylkestinget
5. Oppfølging av handlingsprogram

For arbeid med temaplanar og strategiar vert det utarbeida ein tilpassa prosjektstruktur. Større planarbeid med brei involvering skal ligge tett opp til hovudstrukturen for regional plan, med tilpassa innhald. Det er ønskeleg å følge desse prinsippa:

- Klar organisering med mandat som skal utformast i oppstarten, eventuelt med ein tilpassa type planprogram.
- Enkel organisering og bruk av eksisterande organ dersom mogeleg.
- Brei involvering i oppstart for å avklare behovet for medverknad og samarbeid.
- Tydeleg ansvar for koordinering av planoppfølginga i organisasjonen og i folkevalde organ.

Prosjektstruktur og framdriftsplan for planarbeid vert fastsett i oppstartsak og for regionale planar detaljert i planprogram. Struktur, ansvar og framdrift for planoppfølging skal inngå i vedtak av plan.

Utarbeiding av planar skal normalt skje innanfor ein fylkestingsperiode. For regionale planar skal utarbeiding av planprogram og plan normalt skje i løpet av to til tre år, avhengig av kompleksitet og behov for involvering. Oppfølging skal vere avslutta i løpet av levetida til planen. For temaplanar skal oppstart og utarbeiding av plan normalt skje i løpet av 1,5 år.

Arbeid med revisjon av regional plan kan etter behov organiserast enklare enn for førstegenerasjonsplan, avhengig av endringsgrad og behov for medverknad. Det skal likevel vere innanfor krava i plan- og bygningslova.

Samskaping, medverknad og dialog

Det er ein føresetnad at planarbeid vert ein arena for dialog samordning. Regionale planar skal utarbeidast i samarbeid med statlege organ, kommunar, organisasjonar og institusjonar og interessepartar som planarbeidet rårer. Vestland fylkeskommune vil fortsetje arbeidet med å bidra til å utvikle og ta bruk nye metodar og verktøy for samskaping, som kan gjere det enkelt for mangfaldet av interessegrupper i Vestland å delta.

Etter plan- og bygningslova skal det leggest til rette for aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, her under barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. Planarbeida skal legge berekraftsprinsippet om at ingen skal utelatast til grunn, ved å styrke medverknad frå grupper som er i faresona for utanforskap. Fylkeskommunen vil fortsetje med å utvikle og dele innovative og kreative metodar for å få dette til.

For regionale planar skal planprogrammet fastsette rammer for samarbeid og medverknad. Aktuelle interessentar, råka grupper og samarbeidspartar skal involverast i arbeidet med planprogrammet for å styrke planarbeidet. Hovudverktøy for medverknad er regionalt planforum, høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova. Internt i fylkeskommunen er medverknadsråda ein viktig arena. Temaplanar og strategiar vil ha ulikt behov for samarbeid og medverknad. Dette må verte drøfta og presentert i oppstartsaka.



Kapittel 6

Prosess og medverknad

Utviklingsplan for Vestland regional planstrategi 2024–2028 er utvikla i to trinn:

- Utvikling av kunnskapsgrunnlag: Perioden desember 2022 til august 2023.
- Arbeidet med utviklingsplanen: Perioden august 2023 fram til vedtak i fylkestinget i Vestland i desember 2024.

Det har vore brei involvering og medverknad i arbeidet.

Prosess og medverknad

Overordna mål for heile utviklingsprosessen

Eit overordna mål i arbeidet med utviklingsplanen har vore å senke terskelen for deltaking på alle nivå og sikre eit mangfald av perspektiv. Prosessen har hatt som mål å bygge kompetanse på bruk av samskaping, som er eit likeverdig samarbeid mellom offentlege og private aktørar gjennom verkstader.

Kunnskapsutvikling og metodar

Det vert brukt nye arenaer og metodar i arbeidet: Scenarioverkstader der mange aktørar vart involverte, med ulik alder, kjønn og seksualitet, etnisk og kulturell tilhørsle, og grupper med ulik tilknytning til Vestland og Noreg. Folkevalde, næringsliv og kulturliv, kommunar og stat, frivilligheit og innbyggjarar diskuterte den nære og fjerne framtida til Vestland rundt same bord.

Kunnskapsgrunnlaget bygger på forskings- og erfaringsbasert innsikt som kom fram i felles prosesser mellom fylkeskommunen og eksterne kunnskapsaktørar og ulike grupper i samfunnet. I dette samarbeidet vart mellom anna utfordringsområda formulerte. I kunnskapsgrunnlaget inngår også folkehelseoversikt for Vestland 2023–2027, regionale analysar, spørjeundersøking og bruk av nyare regionale planar. Prosessen har teke opp i seg ny kunnskap og nye signal, retningslinjer og lovverk undervegs.



Bilde 3: Medverknadsprosess. Foto: Ingvild Ramstad/Vestland fylkeskommune

Hausten 2023 blei det gjort ein GAP-analyse³ av utviklingsplan for Vestland 2020–2024. Her vart det vurdert i kor stor grad det var behov for endringar i gjeldande utviklingsplan i lys av nytt kunnskapsgrunnlag. Det vart òg gjennomført ei intern og ekstern evaluering av gjeldande regionale planar, som grunnlag for vedtak om vidareføring, oppheving av vedtekne planar eller nye planarbeid.

Medverknad og dialogprosessar

Alle aktørar som får eit ansvar for å gjennomføre planstrategien og prioriterte planoppgåver, har vore direkte involverte i arbeidet med utviklingsplanen. Vinteren 2024 blei det, i samarbeid med regionråda, halde tre regionale dialogmøte for å drøfte utfordringsområda. Deltakarane var kommunar, lokalt næringsliv, lag, organisasjonar og andre interesserte. Dialogmøta var ein arena for lokale tilbakemeldingar på det overordna utfordringsbildet i

³ GAP kjem frå det engelske ordet for sprik eller avstand.

fylket og medverka til å spisse og prioritere satsingsområde. Høringa synte at det kunne vore breiare geografisk dekning ved gjennomføring av møta.

Medverknadsorgana i Vestland, Vestland ungdomsutval, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Vestland fylkeseldreråd, har hatt ei rådgjevande rolle. Råda har fått presentert arbeidet og planutkast i ulike fasar og har gjeve innspel knytt til eigne fagområde.

Statsforvaltaren og KS har deltatt gjennom ei samarbeidsgruppe med jamlege møte gjennom heile prosessen. Statlege etatar har også medverka gjennom uformelle verkstader og regionalt planforum, både i utvikling av kunnskapsgrunnlaget og i planfasen.

Det er etablert eit samarbeidssystem internt i fylkeskommunen ved regionale plankontaktar frå alle fagavdelingar for å sikre forankring, kvalitetskontroll, informasjon og dialog om planarbeidet. Toppleiargruppa i fylkeskommunen har vore styringsgruppe og har gjeve styringssignal gjennom heile arbeidsprosessen.

Politiske prosessar

Fylkesutvalet i Vestland er prosessorgan for utviklingsplanen. Politiske verkstader har vore nytta for å styrke kompetansen på samskaping mellom politikk og administrasjon. Utviklingsplanen er utarbeidd gjennom fem politiske prosessverkstader, der fylkesutvalet har følgd prosessen tett og gitt strategiske føringar og politiske styringssignal. Fylkesutvalet har også hatt diskusjonar og gjort oppfølgingsvedtak knytt til fråsegnrapporten.

Høring og offentleg ettersyn

Utviklingsplanen blei lagt ut til høring og offentleg ettersyn etter vedtak i fylkesutvalet i Vestland 5. juni 2024. Gjennom høyringsperioden frå 12. juni til 16. september var det lagt til rette for at både samarbeidspartar i regional stat, kommunar og heile vestlandssamfunnet kunne kome med synspunkt på alle sider ved strategien. Ope digitalt informasjonsmøte vart gjennomført 20. juni.

For første gong var høringa til utviklingsplanen digital. Arbeidet med utviklingsplanen har vekt stort og breitt engasjement. Det kom inn til saman 61 høyringsfråsegner. Dette er fleire enn ved utviklingsplanen for 2020–2024. Vi fekk inn fråsegner frå 18 kommunar. Fråsegnene representerer ei breidde av ulike interesser i vestlandsamfunnet. Fylkeskommunen har hatt særskilt møte med kommunane som er med i vestnorsk fjordlandskap UNESCO naturarvområde, saman med rådgjevarar i Miljødirektoratet og Riksantikvaren.

Fråsegnrapport med oversikt over alle høyringsinnspela ligg tilgjengeleg på nettsidene til fylkeskommunen. Alle dei ulike innspela er grundig vurderte, og svært mange er viktige bidrag til innhaldet i denne utviklingsplanen.

Framdrift etter vedtak

I utviklingsplanen har fylkeskommunen løfta fram behovet for å vidareutvikle rolla som samarbeidspart og samfunnsutviklar. Fylkeskommunen vil følgje opp dette med brei involvering gjennom heile perioden utviklingsplanen gjeld.

Vedlegg

Vedlegg 1: Regionale planar

Plan	Område	Vedtatt	Periode	Merknad
Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur	Vestland	2023	2023–2035	
Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling	Vestland	2021	2022–2033	
Regional plan for vassforvaltning Vestland	Vestland	2022	2022–2027	
Regional plan for fornybar energi	Vestland	2023	2023–2035	
Regional plan for klima	Vestland	2022	2022–2035	
Regional transportplan for Vestland fylke	Vestland	2021	2022–2033	
Regional areal- og transportplan for Haugalandet	Hordaland/ Rogaland	2016		Sveio og Etne er omfatta av planen
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	Hordaland	2017	2017–2028	
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur	S&FJ	2018	2018–2022	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland	Hordaland	2014	2015–2026	
Regional plan for folkehelse	S&FJ	2015	2014–2025	
Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle	Hordaland	2014	2014–2025	
Regional plan for areal	S&FJ	2000	2000–	
Regional strategisk plan for kysten	S&FJ	2018	2018–2029	Vert oppheva frå desember 2024.
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	Hordaland	2017		
Regional plan for Ottadalsområdet	S&FJ	2016	2016–2026	Felles med Innlandet og Møre og Romsdal

Regional plan for Hardangervidda	Hordaland	2011		Felles med Buskerud og Telemark
Regional plan for Nordfjella	S&FJ, Hordaland	2014	2014–2015	Felles med Buskerud.
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	Hordaland	2012		Felles med Agder, Telemark og Rogaland

Vedlegg 2: Temaplanar og strategiar

Temaplan	Vedtatt	Under arbeid ¹	Merknad
Temaplan for forskning i Vestland 2022–2027	X		Avdeling for næring, plan og innovasjon.
Temaplan fornye og forbetre – Auka gjennomføring	X		Avdeling for opplæring og kompetanse. UP 2020–2024. Vedteken haust 2024
Heilskapleg plan for tilbudsstruktur i Vestland fylkeskommune	X		Avdeling for opplæring og kompetanse. Vedteken haust 2024, deretter rullering kvart fjerde år.
Strategisk plan for Vestland tannhelseteneste 2024–2036	X		Avdeling for IKT og digitalisering. tannhelse. UP 2020–2024. Vedteken oktober 2024.
Temaplan for landbruk 2023–2027	X		Avdeling for næring, plan og innovasjon.
Temaplan breiband og digitalisering 2023–2029	X		Avdeling for næring, plan og innovasjon. Vedteken 2023
Temaplan for reiseliv i Vestland 2023–2025	X		Avdeling for næring, plan og innovasjon. Planlagt rullering oppstart 2025.
Temaplan. Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland		X	Avdeling for kultur og folkehelse. Forankra i regional plan for kultur 2023. Ny under arbeid – vedtak i 2025.
Regional politikk for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	X		Avdeling for kultur og folkehelse. Revisjon 2025.

¹Med under arbeid meiner vi enten at temaplanen er under utvikling(nye)/rullering/revisjon per november 2024.

Strategiar	Vedtatt om ny	Vedtatt	Under arbeid ²	Merknader
Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020–2024		X	X	Avdeling for næring, plan og innovasjon. Revisjon av strategien under arbeid. Planlagt vedtak i juni 2025.

Regional plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland		X		Avdeling for næring, plan og innovasjon. Vurderer rullering i tråd med føringar i utviklingsplanen.
Strategi for ladeinfrastruktur av tunge køyretøy		X		Avdeling for næring, plan og innovasjon. Har vedtak om årleg rullering.
Frivilligheitsstrategi for Vestland (2021–2022)		X		Avdeling for kultur og folkehelse. Dato for rullering er ikkje sett.
Strategi for e-sport og gaming		X		Avdeling for kultur og folkehelse. Dato for rullering er ikkje sett.
Strategi for mjuke trafikantar		X		Avdeling for infrastruktur og veg. Forankra i regional transportplan. Fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklande i fylket.
Strategi for innfartsparkering – strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022–2029		X		Avdeling for mobilitet og kollektivtransport. Vedteken av hovudutval for samferdsel og mobilitet og styringsgruppa for Miljøloftet.
Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland		X		Avdeling for mobilitet og kollektivtransport. Forankra i regional transportplan, fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklande i fylket.
Handlingsprogram for trafikktryggleik i Vestland 2022–2025		X		Avdeling for infrastruktur og veg. Utarbeidinga av planen er ein del av Trafikktryggingsutvalet si oppgåve, ref. Reglement for folkevalde organ og delegering: «Trafikktryggingsutvalet har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for Vestland». Tidspunkt for rullering er ikkje sett.
Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet		X		Avdeling for infrastruktur og veg. Oppfølging av utviklingstiltak i regional transportplan. Legg føringar for prioriteringar og satsingar innanfor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Rammeplan 2021–2024. Haldningsklassar for avkøyrslar og disposisjonar frå byggegrense		X		Avdeling for infrastruktur og veg. Rammeplanen gjeld fylkesvegnettet i Vestland fylke. Det er ei rettleiing av sakshandsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker, og ved uttalar til kommune- og reguleringsplanar. Skal rullerast – tidspunkt ikkje sett.
Berekraftstrategi for avdeling for infrastruktur og veg			X	Avdeling for infrastruktur og veg. (verksemdstrategi). Planlagt ferdig desember 2024, med nytt namn.
Nye strategiar³				
Bibliotekstrategi	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for festival og store arrangement	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for folkemusikk	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for kulturarena	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for Den kulturelle skulesekken	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for kulturell og kreativ næring	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for det profesjonelle kunstfeltet	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for aktivitet og for inkludering, mangfald for deltaking i kultur	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for bevaring, formidling og utvikling av verdsarv	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for fartøyvern og mobile kulturminne	X			Avdeling for kultur og folkehelse
Strategi for museum	X			Avdeling for kultur og folkehelse. Forankra i regional plan for kultur 2023.

²Med under arbeid meiner vi enten at strategien er under utvikling(nye)/rullering/revisjon per nov. 2024.

³ Strategiane under nye strategiar er sett på vent inntil planprogramma for dei nye planane er vedtekne. Då skal det gjerast ei ny vurdering av behov for planlegging og oppstart.

Vedlegg 3: Målhierarki og målstruktur

O= obligatorisk V= valfri	Vestland organisa- sjon (VLFK)	Utviklingsplan e. PBL (UPVL)	Regional plan e. PBL (RP)	Temaplan (TP)	Strategi (S)	Oppdragsbrev (OB)	Økonomiplan og årsbudsjett (ØP)	Rapportering
Visjon og verdier	O	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	
Satsingsområde		O	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Årsmelding
Hovudmål for satsingsområda		O	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Årsmelding
(Hovudmåls)strategiar		O	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	Frå UPVL	
Planbehov regionale planar		O						
Planbehov andre plantypar		O	Frå UPVL el. e. rutine					
Delmål til hovudmål			O	Frå RP el. her	Frå RP/TP	Frå RP/TP	Frå RP/TP	Tertialrapp/årsmelding
(Delmåls)strategiar			O	Frå RP el. her	Frå RP/TP	Frå RP/TP	Frå RP/TP	
Retningsliner og/ eller føresegn for areal			V					
Handlingsprogram tiltak og ressursbehov			O	V			Frå UPVL/RP/TP	
Oppgåver i avdeling						O	Frå OB	
Ressursar til gjennomføring							O	